



Miljø og sysselsetjing 1993



1



2



3



4

Foto på framsida:

Bilde 1. Fjellgarden Ytste Skotet i Stordal kommune

Foto: Berge Hjørungnes

Bilde 2. Utlegging av terrengtrapp på Svinøya friluftsområde

Foto: Magnhild Vatn

Bilde 3. Borgund naturstig, Borgundgavlen

Foto: Heidi Myklebost

Bilde 4. Restaurering av den gamle Trollstigvegen "Kløvstien" i Isterdalen

Foto: Heidi Myklebost

Rapport nr. 2 /1994

ISBN: 82-7430-062-9

ISSN: 0801-9363

MILJØ OG SYSSELSETTING 1993

RAPPORT nr. 2 - 1994

AV

HEIDI ELIN MYKLEBOST

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Miljøvernavdelinga

RAPPORT

2 - 1994

TITTEL Miljø og sysselsetting 1993	DATO 04.03.1994
SAKSBEHANDLER/FORFATTER Heidi Elin Myklebost	ANTALL SIDER 72

EKSTRAKT

Fylkesmannen i Møre og Romsdal fekk for 1993 løyvd 450 månadsverk (kr. 5.737.500) innan miljø og sysselsetjing. Månadsverka vart fordelt på 47 prosjekt rundt om i fylket, 34 prosjekt innan naturvern og friluftsliv, 10 prosjekt innan kulturvern og 3 prosjekt innan "Aksjon Vannmiljø". I tillegg fekk Fylkesmannen løyvd 12 månadsverk for å engasjere ein prosjektleiar som skulle ha det overordna ansvaret for miljø- og sysselsetjingsprosjekta.

Kulturavdelinga hos Møre og Romsdal fylkeskommune har hatt hovudansvaret for tiltak innan kulturvern, mens Fylkesmannen har hatt ansvaret for prosjekta innan natur og friluftsliv og "Aksjon Vannmiljø".

Arbeidet rundt om i kommunane er stort sett tilfredsstillande utført, og godt motteke av lokalbefolkinga. Kommunane har og synt stor interesse for å få gjennomført prosjekta dei fekk løyvd midlar til. Av prosjekta var det berre 3 som ikkje blei gjennomført.

STIKKORD

Miljø
Sysselsetjing
Prosjekt

FORORD

I 1993 løyvde regjeringa 150 mill. kr. til sysselsetjingstiltak innan miljøvernsektoren. Desse løyvingane skal vere med på å skape kommunale arbeidsplassar (SKAP), primært for langtidsarbeidslause. Hovudmålet med tiltaket var å tilby dei arbeidslause arbeidstrening, kompetanseheving og tett oppfølging med tanke på innpass i ordinært arbeidsliv.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal fekk i 1993 løyvd 450 månadsverk som vart fordelt på prosjekt innan naturvern, friluftsliv, "Aksjon Vannmiljø" og kulturvern. I tillegg fekk fylkesmannen løyvd 12 månadsverk som skulle nyttast til å engasjere ein prosjektleiar. Medio mars vart cand. mag. Heidi Elin Myklebost tilsett. Ho har hatt ansvaret for koordinering, oppfølging og kvalitetssikring av prosjekta innan natur/friluftsliv og "Aksjon vannmiljø". Ansvaret for kvalitetssikring av prosjekta innan kulturvern vart lagt til kulturavdelinga hos Møre og Romsdal fylkeskommune.

Ein arbeidsleiar for kvart prosjekt har hatt ansvaret for det daglege arbeidet rundt om i kommunane. Vi vil takke for stor interesse for å få gjennomført prosjekta, og godt samarbeid gjennom heile prosjektperioden.


Ei takk vil vi og rette til konsulent Aslaug Magerøy Grimstad ved miljøvernavdelinga, som har teke seg av den økonomiske delen av prosjektet.

Rapporten er utarbeidd ved miljøvernavdelinga av prosjektleiar Heidi Elin Myklebost.

Molde 04.03. 1994



Per Fredrik Brun
Fylkesmiljøvernsjef



Trond Haukebø
Seksjonssjef

SAMANDRAG

Fylkesmannen i Møre og Romsdal fekk løyvd 450 månadsverk (kr. 5.737.500), som vart fordelt på 47 miljø -og sysselsetjingsprosjekt rundt om i fylket. I løpet av 1993 har fylkesmannen i samarbeid med kommunane utført 44 av desse prosjekta. 33 prosjekt innan natur/friluftsliv, 8 prosjekt innan kulturvern og 3 prosjekt innan "Aksjon Vannmiljø". Tilsaman har ein nytta 399,62 av dei månadsverka som vart løyvd, og ein reknar med at ca. 150 personar har vore innanfor denne ordninga.

I tilknytning til månadsverka hadde kommunane høve til å søkje om tilskot til drift. Fylkesmannen i Møre og Romsdal fekk løyvd kr. 1.717.500, som vart fordelt på ulike prosjekt til dette formålet.

Gjennomførte prosjekt innan miljø og sysselsetjing er for det meste ekstraordinære tiltak, og dette har ført til store rokeringar i forhold til handlingsprogrammet for friluftsliv i Møre og Romsdal.

Arbeidet som er utført i 1993 har vore restaurering av verneverdige bygningar, registrering av forminner, skjøtsel av landskapsvernområde og kulturlandskap, rydding av søppel langs strender, fysisk tilrettelegging for friluftsliv o.a.

Kulturavdelinga hos fylkeskommunen har hatt hovudansvaret for tiltak innan kulturvern. Restaurering av verneverdige bygningar har føregått etter antikvariske retningslinjer i samråd med fylkeskonservatoren, og registreringer av forminner er utført i samråd med fylkesarkologen. Miljøvernavdelinga har hatt ansvar for oppfølging og kvalitetskontroll av prosjekta innan natur/friluftsliv og "Aksjon Vannmiljø".

Skjøtsel av landskapsvernområde og kulturlandskap er utført etter gjeldande skjøtselplan for området. I område kor det ikkje er skjøtselsplan, har ein skjøtta området slik at ein best mogleg tek vare på det generelle landskapsbiletet i høve til natur -og kulturlandskap.

Mange kommunar fekk midlar til opparbeiding av turstigar/turvegar. Arbeidet har variert frå rydding av stigar der ein har nytta flis som dekke til opparbeiding av stigar med grus. Det er lagt vekt på at arbeidet skulle skje skånsomt, slik at mest mogleg av naturpreget vart halde intakt. Dette har variert noko frå prosjekt til prosjekt, alt etter kva for kunnskapar og innsikt arbeidsansvarleg sat inne med. Interessa for å leggje tilrette for friluftsliv har i dei siste åra auka. Denne utviklinga gjer at det blir eit stadig større behov for arealplanlegging og ikkje minst kunnskap og konkrete råd om naturvenleg tilrettelegging.

Miljø -og sysselsetjingstiltaka var i første rekke retta mot dei som stod i fare for ikkje å komme inn i arbeidsmarknaden att. Hovudmålgruppa var heilt ledige personar som hadde passert 70 veker med rett til dagpengar, og dette gjorde at det var berre eit fåtal av dei arbeidslause som kom innanfor denne ordninga. Fleire arbeidsleiarar har meldt om vanskar med å få tak i kvalifisert arbeidskraft til dei ulike arbeidsoppgåvene, og dette har ført til at enkelte prosjekt kom igang seinare enn planlagt. Arbeidsansvarleg har og gjeve tilbakemelding om at miljø -og sysselsetjingstiltaka har krevd mykje ekstraarbeid. Det var ofte naudsynt med tett oppfølging av dei sysselsette for at arbeidet skulle verte tilfredsstillande utført. Trass i ein del problemer undervegs, må ein seie seg nøgd med ordninga.

Arbeidet rundt om i kommunane er stort sett tilfredsstillande utført, og godt motteke av lokalbefolkinga. Kommunane har og synt ei stor interesse for å få gjennomført prosjekta dei fekk løyvd midlar til, og det vart oppretta ein god kontakt med miljøvernavdelinga.

INNHOLD

	side
1.0 INNLEIING	1
1.1 Bakgrunn	1
1.2 Formål	1
2.0 METODE	2
2.1 Forarbeid	2
2.2 Utføring av prosjektet	2
2.3 Administrasjonsoppgåver	2
3.0 PROSJEKTSKILDRING	4
3.1 Prosjektnr. 1. Molde kommune, Kringstadbukta - Julneset	5
3.2 Prosjektnr. 2. Molde kommune, Retiro bade -og friluftspark	7
3.3 Prosjektnr. 3. Kristiansund kommune, Folkeparken	9
3.4 Prosjektnr. 4. Kristiansund kommune, Bautaområdet	11
3.5 Prosjektnr. 5. Ålesund kommune, Voldsdalsberga	12
3.6 Prosjektnr. 6. Ålesund kommune, Emblemsanden	14
3.7 Prosjektnr. 7. Ålesund kommune, Tueneset	15
3.8 Prosjektnr. 8. Ålesund kommune, Borgundgavlen	16
3.9 Prosjektnr. 9. Herøy kommune, Runde	17
3.10 Prosjektnr. 10. Ulstein kommune, Flø - Ulstein	19
3.11 Prosjektnr. 11. Ulstein kommune, Borgarøya	20
3.12 Prosjektnr. 12. Volda kommune, Austefjordvassdraget	22
3.13 Prosjektnr. 13. Volda kommune, Øyraelva	23
3.14 Prosjektnr. 14. Ørsta kommune, Raudøya	25
3.15 Prosjektnr. 15. Norddal kommune, Alnesreset - Trollstigen	26
3.16 Prosjektnr. 16. Stranda kommune, fjellgardar i Geiranger	27
3.17 Prosjektnr. 17. Giske kommune, freda område på Giske	29
3.18 Prosjektnr. 18. Haram kommune, Vatne-vatnet	31
3.19 Prosjektnr. 19. Rauma kommune, Trollstigen - Isterdalen	32
3.20 Prosjektnr. 20. Rauma kommune, Kolmanneset	34
3.21 Prosjektnr. 21. Rauma kommune, utløpet Rauma elv	35
3.22 Prosjektnr. 22. Rauma kommune, Reinheimen/Snøhetta	37
3.23 Prosjektnr. 23. Nessa kommune, Eikesdalsvatnet	38
3.24 Prosjektnr. 24. Averøy kommune, Orøya - Omfarøya	38
3.25 Prosjektnr. 25. Tingvoll kommune, Straumsnes skole	39
3.26 Prosjektnr. 26. Surnadal kommune, naturreservata i kommunen	41
3.27 Prosjektnr. 27. Smøla kommune, Kvistvågen	42
3.28 Prosjektnr. 28. Rindal kommune, Trollheimen, registrering	43
3.29 Prosjektnr. 29. Rindal kommune, Trollheimen, tilsyn av sau	44
3.30 Prosjektnr. 30. Friluftsrådet i Ålesund og omland (FR) div tilrettelegging i sikra friluftsområde	45
3.31 Prosjektnr. 31. FR/Ålesund kommune, Borgundgavlen	46
3.32 Prosjektnr. 32. FR/Ålesund kommune, Svinøya	48
3.33 Prosjektnr. 33. FR/Skodje kommune, Håjem	50
3.34 Prosjektnr. 34. FR/Skodje kommune, Mauren	51
3.35 Prosjektnr. 35. FR/Sula kommune, Storholmen - Bredholmen	53

3.36 Prosjektnr. 36. FR/Vestnes kommune, Kråkvika	54
3.37 Prosjektnr. 37. MVA/Molde kommune, Veøya	55
3.38 Prosjektnr. 38. Fræna kommune, Ergan Kystfort	57
3.39 Prosjektnr. 39. M&R Fylkeskommune, SEFRAK	58
3.40 Prosjektnr. 40. Halsa kommune, reg. av fornminner	59
3.41 Prosjektnr. 41. Kristiansund kommune, Reperbanen	60
3.42 Prosjektnr. 42. Kristiansund kommune, Mellemverftet	61
3.43 Prosjektnr. 43. Kristiansund kommune, Lossiusgården	62
3.44 Prosjektnr. 44. Rauma kommune, reg. av fornminner	63
3.45 Prosjektnr. 45. Stordal kommune, Ytste Skotet	64
3.46 Prosjektnr. 46. Ørsta kommune, Bruksbutikken	66
3.47 Prosjektnr. 47. Ålesund kommune, Hjellens notbøteri	66
 4.0 EVALUERING	67
4.1 Søknadsrunden	67
4.2 Administrasjonsoppgåver	68
4.3 SKAP -ordninga	69
4.4 Rapportering frå kommunane	70
4.5 Utført arbeid	70
4.6 Kvalitetssikring av prosjekta	72
4.7 Konklusjon	72

Vedlegg 1: Brev frå Miljøverndepartementet

Vedlegg 2: Økonomisk oversikt over miljø -og sysselsetjingsprosjekta i 1993

1.0 INNLEIING

1.1 BAKGRUNN

I 1993 løyvde regjeringa 150 mill. kr til sysselsetjingstiltak innan miljøvernsektoren (vedlegg 1).

- 60 mill. kr. til prosjekt innan natur og friluftsliv
- 40 mill. kr. til prosjekt innan kulturvern
- 20 mill. kr. til prosjekt innan "Aksjon Vannmiljø"

Sysselsetjingstiltaka SKAP står for Skap kommunale arbeidsplassar, og går inn som ein del av regjeringa si satsing for å redusere arbeidsløysa. SKAP-ordninga er eit tiltak som i første rekke rettar seg mot langtidsarbeidslause. Hovudmålgruppa er heilt ledige personar som har passert 70 veker med rett til dagpengar.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal (FM) fekk løyvd 450 månadsverk (kr. 5.737.500) innan miljø og sysselsetjing (vedlegg 2). Månadsverka vart fordelt på 47 prosjekt rundt om i fylket, 34 prosjekt innan natur/friluftsliv, 10 prosjekt innan kulturvern og 3 prosjekt innan "Aksjon Vannmiljø". I tillegg fekk fylkesmannen løyvd 12 månadsverk for å engasjere ein prosjektleiar, som skulle ha ansvar for koordinering, oppfølging, kvalitetssikring og evaluering av miljø -og sysselsetjingsprosjekta.

I tillegg hadde kommunane høve til å søkje om tilskot til drift i tilknytning til miljø -og sysselsetjingsprosjekta. Fylkesmannen fekk løyvd kr. 1.717.500, som vart fordelt på dei ulike prosjekta (vedlegg 2).

1.2 FORMÅL

Behovet for friluftsliv har vore aukande dei siste åra. Det er stor interesse og stort behov for statlege midlar til planlegging, sikring og opparbeiding av friluftsområde, men på grunn av stram økonomi har mykje av arbeidet vorte nedprioritert, både kommunalt og statleg.

Formålet med SKAP-midlane var å sysselsetje arbeidslause med tiltak innan natur/friluftsliv, kulturvern og "Aksjon Vannmiljø". Med miljø -og sysselsetjingsordninga skulle ein få utført arbeid som ein elles ikkje hadde midlar til på det ordinære budsjettet. I tillegg skulle ordninga vere med på å gje dei arbeidslause kvalifikasjonar og arbeidstrening slik at det vert lettare å gå inn i ordinært arbeid.

2.0 METODE

2.1 FORARBEID

Direktoratet for naturforvaltning (DN) ønskete ei samordning mellom ordinære tilskotsøknader og miljø - og sysselsetjingstiltak. Kommunane skulle nytte standardiserte skjema for søknad om midlar til friluftslivsformål, viltformål, fiskeformål og "Aksjon vannmiljø". Hovudmålsetjinga med koordineringa var å få ordinære søknader som tradisjonelt berre vert fremma på DN sine søknadsskjema, over på ordninga for miljø og sysselsetjing.

Søknadene vart vurdert av FM, og ei prioriteringsliste vart sendt over til Miljøvern-departementet (MD).

2.2 UTFØRING AV PROSJEKTET

Medio mars engasjerte FM ein prosjektleiar, som hadde ansvar for koordinering, oppfølging, evaluering og rapportering av prosjekta innan naturvern/friluftsliv og "Aksjon Vannmiljø". Ansvar for prosjekt innan kulturvern vart lagt til kulturavdelinga hos Møre og Romsdal fylkeskommune.

Det var stort sett kommunar som fekk løyvd midlar til miljø -og sysselsetjingstiltak, og MIK-personen i kommunen har i mange tilfelle vore nøkkelpersonen i gjennomføringa av tiltaka. Som arbeidsleiar har vi og nytta leiar i friluftsråd, kommunegartnar, teknisk sjef, kultursjef o.a. Prosjektleiaren har hatt javnleg kontakt med arbeidsleiarane, og har vore på synfaring i prosjektområda 2-3 gonger i løpet av prosjektpериoden.

2.3 ADMINISTRASJONSOPPGÅVER

Fylkesarbeidskontoret (FAK) delte ut midlane til dei arbeidskontora/ arbeidsformidlingane i fylke som hadde prosjekt i sin region.

Dei ulike kommunane har stått som arbeidsgjevar for prosjekta, og har hatt direkte kontakt med arbeidskontoret i sitt distrikt. Arbeidskontoret har hatt hovudansvaret for uttak av arbeidskraft etter reglane for SKAP-ordninga. Arbeidsgjevar stod for den daglege gjennomføringa av sysselsetjingsprosjekta, med nødvendig opplæring av arbeidstakar og utbetaling av lønn.

Avlønning

Kommunen fekk refundert kr. 12 750,- pr. arbeidsplass pr. månad for den tida det har vore sysselsett ein registrert arbeidsledig. Dette skulle dekkje lønn, sosiale utgifter og driftskostnader. Avlønninga av deltakarane skulle skje etter lokale forhandlingar. Lønna skulle ikkje overstige kr. 12 750 pr. månad, og ikkje vere høgare enn 85 % av tarifflønna.

Tilskott til eigendel

Kommunane hadde høve til å søkje om midlar til drift av miljø -og sysselsetningsprosjekta frå budsjettet til Miljøverndepartementet (MD). Midlar som vart dekt over statsbudsjett i kap. 1406, vart stilt til disposisjon i iverksettingssdirektivet til Fylkesmannen si miljøvernavdeling (FM-MVA). Midlar som vart dekt over statsbudsjett i kap.1427 (DN) og 1442 (SFT) vart gjeve som belastningsfullmakter til FM-MVA.

3.0 PROSJEKTSKILDRING




Fig. 1 Geografisk fordeling av prosjekt innan miljø og sysselsetjing i Møre og Romsdal.

TEIKNFORKLARING

1. Molde komm. Retiro bade- og friluftspark
2. Molde komm. Kringstadbukta - Julneset
3. Kristiansund komm. Folkeparken
4. Kristiansund komm. Bautaområde, Innlandet
5. Ålesund komm. Voldsdalsberga
6. Ålesund komm. Emblemsanden
7. Ålesund komm. Tueneaset
8. Ålesund komm. Borgundgavlen
9. Herøy komm. Runde, verna område
10. Ulstein komm. Flø - Ulstein, opprydding
11. Ulstein komm. Borgareya
12. Volda komm. Austefjordvassdraget
13. Volda komm. Øyraelva
14. Ørsta komm. Raudøya
15. Norddal komm. Alnesreset - Trollstigen
16. Stranda komm. Geiranger
17. Giske komm. freda omr. på Giske
18. Haram komm. Vatne-vatnet
19. Rauma komm. Trollstigen - Isterdalen
20. Rauma komm. Kolmanneset
21. Rauma komm. utløpet Rauma elv
22. Rauma komm. Reinheimen/Snøhetta, rovviltoppsyn
23. Neset komm. Eikesdalsvatnet
24. Averøy komm. Ørøya - Omfarøya
25. Tingvoll komm. Straumnes skole
26. Surnadal komm. naturreservat, opprydding, info-tavle
27. Smøla komm. Kvistvågen
28. Rindal komm. Trollheimen, registrering
29. Rindal komm. Trollheimen, tilsyn av sau
30. FR / Ålesund komm. div. tilrettelegging
31. FR / Ålesund komm. Borgundgavlen
32. FR / Ålesund komm. Svinøya fril.omr.
33. FR / Skodje komm. Håjem fril.omr.
34. FR / Skodje komm. Mauren fril.omr.
35. FR / Sula komm. Storholmen - Bredholmen
36. FR / Vestnes komm. Kråkvika fril.omr.
37. MVA / Molde komm. Veøy landskapsvernområde
38. Fraena komm. Ergan Kystfort
39. M&R Fylkeskomm. SEFRAK
40. Halsa komm. reg. av fornminner
41. Kristiansund komm. rest.av Reperbanen
42. Kristiansund komm. rest.av Mellomverftet
43. Kristiansund komm. rest av Lossiusgården
44. Rauma komm. Reg av fornminner
45. Stordal komm. rest av Ytste Skotet
46. Ørsta komm. rest.av Bruksbutikken
47. Ålesund komm. rest av Hjellens nøbøteri

3.1 PROSJEKTNR: 1

KOMMUNE:	Molde	SYSSELSETTE:	2
KOMMUNENR:	1502	MNDV. TILSEGN:	6
KARTBLAD (M711):	1220 II	MNDV. NYTTA:	6
TILSEGNSNR:	92/09053	SKAP TOTALT:	kr. 76.000
PROSJEKTOMRÅDE:	Kringstadbukta - Julneset		
PROSJEKTPERIODE:	24.05.93 - 27.09.93		

ANNA FINANSIERING: FM-MVA: kr. 25.000
 PROSJEKT TOTALT: kr. 151.000

PROSJEKTANSVARLEG: Molde kommune v/miljøvernleiar
 PROSJEKTSKILDRING: Kringstadbukta: opprydding i strandsona
 Julneset: utbetring av turstigar, sette opp info-tavle, rydde vindfall o.a.

UTFØRT ARBEID:

Julneset

Molde kommune fekk i 1993 løyvd 150.000 kr. til eit uteinformasjonsprosjekt på Julneset. Informasjon ut til publikum vil være med på å auke trafikken i området, og det vart derfor peika på behovet for å betre nokon av stigane. Ein har utbetra tilkomstvegen frå parkeringsplassen ved fergekaia og inn mot toppen av Julneset ca. 160 m. Vegen har ei bredd på ca. 1,5 m, og det er nytta fiberduk og grus som toppdekke (fig.2). Utbetringa av vegen gjer at publikum får lett tilkomst til området frå parkeringsplassen ved Mordalsvågen.

Med ny tilkomstveg ønskjer ein å kanalisere mest mogleg av ferdselet frå parkeringsplassen, dette for at slitasjen på den smale grusvegen som går utover Julneset skal verte redusert. For å hindre unødig ferdsel med bil, skal det setjast opp ein bom på kvar av dei to tilkomstvegane i området.

Delar av eksisterande turvegar vart utbetra og grusa.

Etter anbefalte mål frå Direktoratet for naturforvaltning er det snikra tre informasjonstavler, som er sett opp på egna stader i området. Sjølvé plakatane til tavlene vert montert før vårsesongen 1994. I tillegg til informasjonstavlene er det snikra og sett opp 12 mindre opplysningstavler.

Ein har og tynna og rydda ein del krattvegetasjon rundt om på Julneset, samt fjerna noko vindfall etter orkanen.

Kringstadbukta

Her er det rydda opp langs strandlinja og i områda rundt.

MERKNAD:

Molde kommune fekk løyvd 6 månadsverk og 25.000 kr. til dekning av driftsutgifter, som skulle brukast til registrering av friluftsliv for planlegging. Sidan dette prosjektet ikkje kunne setjast igang på grunn av mangel på kvalifisert arbeidskraft, fekk Molde kommune overført dei løyvde midlane til prosjekta på Julneset og Kringstadbukta.



Fig. 2 Utbetring av tilkomstveg på Julneset.

3.2 PROSJEKTNR: 2

KOMMUNE:	Molde	SYSSELSETTE:	5
KOMMUNENR:	1502	MNDV. TILSEGN:	10
KARTBLAD (M711):	1220 II	MNDV. NYTTA:	8,9
TILSEGNSNR:	92/09053	SKAP TOTALT: kr.	113.475
PROSJEKTOMRÅDE:	Retiro		
PROSJEKTPERIODE:	mars-desember		

ANNA FINANSIERING: SFT: kr. 60.000

PROSJEKT TOTALT: kr. 173.475

PROSJEKTANSVARLEG: Molde kommune v/teknisk etat

PROSJEKTSKILDRING: " Aksjon Vannmiljø "

Opparbeiding av Retiro bade -og friluftspark.

UTFØRT ARBEID:

Området ved Retiro vart lagt ut til friluftsområde i 1983/1984, og massefylling av området tok til i same periode. Midlar frå "Aksjon Vannmiljø" vart første gong løyvd til opparbeiding av Retiro bade-og friluftspllass i 1991. Ved utgangen av 1992 var det laga gangveg frå friluftsparken til Lubbenesstranda, ledningsanlegg for overvatn og to små jordvollar mot riksvegen.

I slutten av mars-93 starta arbeidet med masseplanering og opparbeiding av gangvegsystemet (fig. 3). Midt i området er det laga ein stor jordvoll, med form som eit amfi mot sjøen, og som skjermar området for støy frå vegen. Bak jordvollen har ein planert nesten heilt ned til sjøkanten. På framsida er det laga parkeringsplass for besökande, med gangvegsystem inn i området. Gangvegen har ein bredde på ca. 2 meter. Vidare er det utført finplanering med utlegging av jord, kalking og tilsåing av vollar og grøntanlegg (fig. 4).

I badevika på austsida av området er det sett opp ein mur av naturstein, og lagt ut elvegrus for å betre badetilhøva.

MERKNAD:

Arbeidet har kravd mykje maskinarbeid, sysselsetjingseffekten har derfor ikkje blitt så stor som ein har ønska. Eit slikt prosjekt er og kostnadskrevande, og problemer med finansiering har forsenka arbeidet noko.

Det er viktig at ein satsar på å sluttføre arbeidet i nærmaste framtid, slik at beboarane i området kan begynne å bruke anlegget.

Arbeidet i 1994 vil være plastring av molo frå badevika, sikring av fylling ut mot sjøen og sluttføring av jordvoll mot vest.




Fig. 3 Opparbeiding av Retiro bade -og friluftspark.



Fig. 4 Opparbeiding av Retiro bade -og friluftspark.

3.3 PROSJEKTNR: 3

KOMMUNE:	Kristiansund	SYSSELSETTE:	3
KOMMUNENR:	1503	MNDV. TILSEGN:	9
KARTBLAD (M711):	1321 II	MNDV. NYTTA:	9
TILSEGNSNR:	92/09065	SKAP TOTALT: kr.	114.750
PROSJEKTOMRÅDE:	Folkeparken		
PROSJEKTPERIODE:	16.08.93 - 10.11.93		

ANNA FINANSIERING: FM-MVA: kr. 40.000
 PROSJEKT TOTALT: kr. 154.750

PROSJEKTANSVARLEG: Kristiansund kommune v/parkv. etaten
 PROSJEKTSKILDRING: Opprusting av turstigar og tynning av skog i Folkeparken.

UTFØRT ARBEID:

I desember -92 vart Kristiansund kommune løyvd midlar til opparbeiding av nye turvegar i Folkeparken. Det vart nytta flis/kapp og grov grus som toppdekke. Mesteparten av arbeidet i år har vore å ruste opp dei eksisterande turvegane som finst i området (fig. 5).

Der flislaget hadde begynt å blande seg med grusen, vart det lagt fiberduk og eit gruslag som toppdekke. Tunge maskiner hadde og ført til slitasje på dei gammeste vegane. Her vart det lagt på eit nytt lag med grus.

I tillegg til opprusting av hovudstignettet, er det laga ein mindre stig bort til eit utsiktspunkt.

Enkelte grøfter langs turvegane hadde begynt å gå tett, desse er renska for å auke dreneringa. Ein har og fjerna ein del kvist og vindfall som låg i området, og tynna noko vegetasjon. Ved byggefeltet i ukanten av Folkeparken, er det laga ei trapp av telefonstolpar for å lette tilkomsten til området.

MERKNAD:

Standaren på vegen har vorte noko større en kva som var ønskjeleg. Vedlikahald av stignettet kan til ein viss grad forsvare bredda på vegen. Eventuelle vegar ut frå hovudnettet bør ha ein mykje mindre dimensjon, maksimum 1m. Ein bør og unngå at heile friområdet vert infiltrert av stigar.



Fig. 5 Opprusting av turvegar i Folkeparken, Kristiansund.



Fig. 6 Etablering av ny turveg på Bautaområdet, Kristiansund.

3.4 PROSJEKTNR: 4

KOMMUNE:	Kristiansund	SYSSELSETTE:	3
KOMMUNENR:	1503	MNDV. TILSEGN:	9
KARTBLAD (M711):	1321 II	MNDV. NYTTA:	9
TILSEGNSNR:	92/09065	SKAP TOTALT:	kr.114.750
PROSJEKTOMRÅDE:	Bautaomr. Innlandet		
PROSJEKTPERIODE:	16.08.93 - 10.11.93		

ANNA FINANSIERING: FM-MVA: kr. 20.000
PROSJEKT TOTALT: kr. 134.750

PROSJEKTANSVARLEG: Kristiansund kommune v/park etaten
PROSJEKTSKILDRING: Opprusting og bygging av turstig i bautaområde
 Rydding av kvist og vindfall

UTFØRT ARBEID:

I midten av august starta tre sysselsette med å fjerne tennung (rotskot) og torv frå vegen opp til Bautaområdet. Vegen vart i løpet av hausten grusa. Ein har og prøvd å renske opp i kanalsystemet som går langs vegen, dette for å auke avrenninga og redusere skadane på vegen ved stor nedbør.

Sjølve Bautaområdet vart slått i løpet av sommaren.

Rundt om i heile området er det rydda ut vindfall, og på enkelte stader har ein tynna noko av vegetasjonen for å få betre sikt.

Frå sjølve bautaområdet er det laga ein ny turstig ut til eit utsiktspunkt. Den nye turvegen har ei bredde på ca. 1,5 m. og som materiale er det nytta fiberduk og grus (fig. 6). To tretrapper med rekkverk er bygd i tilknytning til den nye turvegen, samt ei treklopp over eit myrdrag. Rundt utsiktspunktet er det nytta naturleg underlag, dette for at stigen skal ligge finare i terrenget.

Eit netting-gjerde som stod rundt den øvste vassdammen er fjerna.

MERKNAD:

Det står igjen ein del arbeid med å fjerne kvist og vindfall. Dette vert gjort i løpet av 1994.

Den nye turstigen vart noko breiare enn kva som var ønskjeleg. Ved å nytte til dømes bark og naturleg underlag som dekkje, hadde ein fått ein turveg som låg mykje finare i terrenget. Det syner seg at det er behov for kunnskap om naturvenlig tilrettelegging rundt om i kommunane.

3.5 PROSJEKTNR: 5

KOMMUNE:	Ålesund		
KOMMUNENR:	1504	MNDV. TILSEGN:	10
KARTREF. M711:	1119 I	MNDV. NYTTA:	10
TILSEGNSNR:	92/09117	SKAP TOTALT:	kr. 127.500
PROSJEKTOMRÅDE:	Voldsdalsberga		

ANNA FINANSIERING: FM-MVA: kr. 25.000
 PROSJEKT TOTALT: kr. 152.500

PROSJEKTANSVARLEG: Ålesund kommune v/kulturetaten
 PROSJEKTSKILDRING: Opprusting av stig, plastring av strandlinje o.a i Voldsdalsberga bade -og friområde.

UTFØRT ARBEID:

Friområdet og badeplassen ved Voldsdalsberga har vore lite attraktiv dei siste åra på grunn av store skadar på strandlinja etter vinterstormane, og etablering av kratt inne på plenområdet.

Det meste av arbeidet som er utført denne sommaren, er sikring av bølgjeslagssona. Stor stein vart lagt opp som ein mur langs strandkanten, og fiberduk vart nytta som underlag for å hindre utvasking av finmateriale. Plenarealet er reparert heilt ned til plastringa, og i øvre kant av muren er det lagt på torv (fig. 7). I tillegg har ein drenert enkelte våte parti av plenarealet, planert og sådd i.

I dei to badevikane var mykje av den naturlege sanden vaska bort, her vart eigna sand køyrt på.

Det er fjerna søppel både frå strandlinja, og rundt om på friområdet. Tennung som hadde begynt å etablere seg i randsona og inne på grøntområde vart fjerna, og gjerdet opp mot campingplassen vart reparert. Driftsvegen som går igjennom området vart drenert og grusa.

Arbeidet som er utført i sommar gjer at Voldsdalsberga bade -og friområdet er meir attraktiv, og talet på besøkande har auka.

MERKNAD:

Tilsaman har Ålesund parkvesen hatt 8 personar inne på SKAP-ordninga. Dei sysselsette har veksla mellom dei ulike arbeidsoppgåvene i dei fire områda: Voldsdalsberga, Emblemsanden, Borgundgavlen og Tuuneset. Arbeidsperioden har strekt seg frå 26.04.93 til 20.11.93, og ein har tilsaman nytta dei 28 månadsverka som vart løyvd for dei fire områda.



Fig. 7 Reparasjon av øydelagt strandlinje, Voldsdalsberga.



Fig. 8 Reparasjon av strandlinje, Emblemsanden.

3.6 PROSJEKTNR: 6

KOMMUNE:	Ålesund	MNDV. TILSEGN:	6
KOMMUNENR:	1504	MNDV. NYTTA:	6
KARTREF. M711	1219 IV	SKAP TOTALT:	kr. 76.500
TILSEGNSNR:	92/09117		
PROSJEKTOMRÅDE:	Emblemsanden		

ANNA FINANSIERING: FM-MVA: kr. 20.000
 PROSJEKT TOTALT: kr. 96.500

PROSJEKTANSVARLEG: Ålesund kommune v/kulturetaten
 PROSJEKTSKILDRING: Plastring av strandlinje og diverse tilrettelegging på Emblemsanden både -og friområde.

UTFØRT ARBEID:

Emblemsanden er det største og mest populære badeområde i Ålesund og omland. Etter orkanen i 1992 hadde store delar av stranda erosjonsskadar. Det meste av arbeidet har derfor gått ut på plastring av strandsona. Det er lagt opp ein mur av store steinar langs strandlinja. Fiberduk vart nytta som underlag for å hindre utvasking av finmaterialet (fig.8). Plenarealet er reparert heilt ned til plastringa, og i øvre kant av muren er det lagt på torv.

I område aust for badestranda ligg det eit sandtak. Her er det teke ut sand, som vart kjørt til badestranda på Voldsdalsberga. Etter stort ønskje frå volleyballmiljøet i Ålesund, er det i same område etablert fire banar for beach-volleyball.

I tillegg er det rydda søppel i strandsona og i friområdet, og fjerna tennung som hadde begynt å etablere seg langs plenareal og stigar.

MERKNAD:

Plastringa av strandlinja har gått seinare enn planlagt. Dagar med fint ver og stor utfart til badestranda, har hindra maskinene å utføre arbeidet.

Tal på sysselsette som har jobba i området og prosjektpериode, sjå merknad side 12.

3.7 PROSJEKTNR: 7

KOMMUNE:	Ålesund	
KOMMUNENR:	1504	MNDV. TILSEGN: 6
KARTREF. M711:	1119 I	MNDV. NYTTA: 6
TILSEGNNSNR:	92/09117	SKAP TOTALT: kr. 76.500
PROSJEKTOMRÅDE:	Tueneset	

ANNA FINANSIERING: FM-MVA: kr. 20.000
 PROSJEKT TOTALT: kr: 96.500

PROSJEKTANSVARLEG: Ålesund kommune v/ kulturetaten
 PROSJEKTSKILDRING: Opprusting av badeplass på Tueneset friområde.

UTFØRT ARBET:

Her er situasjonen den same som for dei andre områda, med erosjon av strandsona og mykje søppel som ligg rundt om i området. Ein har i løpet av sommaren rydda søppel og plastra stranda.

Bak strandsona ligg ei stor slette som skal ryddast og planerast, slik at ho vert attraktiv for bade og friluftsaktivitetar. I år har ein slått graset og fjerna tennung. Eksisterande grøfter er gravd opp og renska, slik at området vert betre drenert.

MERKNAD:

Tal på sysselsette som har jobba i området og prosjektperiode, sjå merknad side 12. For budsjettet 1994 er det frå kommunen sin side sett av midlar til å løyse inn alle dei regulerte friområda på Tueneset. Kommunen har også søkt FM-MVA om tilskott til sikring av dei same områda i 1994.

Vidare opparbeiding av området bør skje skånsomt slik at mest mogleg av naturpreget vert halde intakt. Tuenest har eit typisk kystlandskap med kystlynghei, og parkanlegg rundt om i store delar av området er lite ønskjeleg.

3.8 PROSJEKTNR: 8

KOMMUNE:	Ålesund	
KOMMUNENR:	1504	MNDV. TILSEGN: 6
KARTREF. M711:	1219 IV	MNDV. NYTTA: 6
TILSEGNSNR:	92/09117	SKAP TOTALT: kr. 76.500
PROSJEKTOMRÅDE:	Borgundgavlen	

ANNA FINANSIERING: FM-MVA: kr. 20.000
 PROSJEKT TOTALT: kr. 96.500

PROSJEKTANSVARLEG: Ålesund kommune v/ parketaten
 PROSJEKTSKILDRING: Skogrydding og opparbeiding av turstigar i Borgundgavlen.

UTFØRT ARBEID

På friområdet ved borgundgavlen har ein utbetra eksisterande stig, med fjerning av tennung og torv. Vegen vart grusa i løpet av hausten.

Frå eksisterande stig ved gravplassen er det laga ein ny trase ut mot neset. Som dekkje har ein nytta flis og bark. Ut frå hovudstigen er det laga to mindre stigar, som dannar ei sløyfe ute i terrenget. Dette arbeidet vart ikkje avslutta i løpet av 1993, det manglar nokon tretrapper som skal leggjast ut i terrenget. Arbeidsleiar peikar og på at det er behov for eit sterkare dekkje på stigane. Han vurderer å nytte grus blanda saman med bark.

Det er og rydda kvist og tatt ut vindfall i nærområda til stigsystemet.

MERKNAD:

Ein må vere merksam på at at det ikkje vert etablert for mange stigar. Infiltrasjon av stigar i heile området er lite ønskjeleg. Det må og vurderast om det er behov for å gruse stigane, siden flis og bark har synt seg å fungere bra som dekkje.

Tal på sysselsette som har jobba i området og prosjektperiode, sjå merknad side 12.

3.9 PROSJEKTNR: 9

KOMMUNE:	Herøy	SYSSELSETTE:	6
KOMMUNENR:	1515	MNDV. TILSEGN:	16
KARTREF. M711:	1119 IV	MNDV. NYTTA:	13,38
TILSEGNSNR:	92/09074	SKAP TOTALT:	kr.170.595
PROSJEKTOMRÅDE:	Runde		
PROSJEKTPERIODE:	01.06.93 - 31.10.93		

ANNA FINANSIERING: FM-MVA: kr. 100.000
 PROSJEKT TOTALT: kr.270.595

PROSJEKTANSVARLEG: Herøy kommune v/plan -og miljøvernleiar
 PROSJEKTSKILDRING: Skjøtsel av stigar, Runde

UTFØRT ARBEID:

Fuglefredningsområdet på Runde er mykje besøkt i løpet av turistsesongen, og dette har ført til stor slitasje på stigane. I løpet av sommaren og hausten har ein prøvd å utbetre nokon av stigane i området.

Tilkomstvegen som går opp frå Gøksøy vart skikkeleg drenert, grøfta og grusa i ei lengde på 140 meter. Bredda på vegen er ca. 1,80 m. (fig. 9).

I hovudtrasseen opp til Kaldeklåva er det lagt ut klopper på dei våtaste stadene for å kanalisere ferdselen. Same tiltak er utført på nedre del av stig som går til Skarveura/fyret. Det er og starta et prøveprosjekt kor ein har lagt ut hunbord i dei våtaste partia, dette for å auke bere-evna og slitestyrken.

Vidare er det utført sikring av stig ned Kaldeklåva og ned til fyret. Stigen ned Kaldeklåva held på å raser ut, og for å hindre dette er det laga ei terrengtrapp av kløvde stolpar (fig. 10). Ned til fyret har ein planert litt og gjort stigen breiare. Rekkverket har ein prøvd å sikre på fleire stader.

To kilegrinder i trykkimpregnert materiale er laga i løpet av vinteren. Desse skal setjast opp i nedre del av tilkomstvegen som går opp frå Gøksøy. Grindene er laga slik at beitedyr ikkje kan passere.

MERKNAD:

Det er eit stort behov for vedlikehald av stigane opp til fuglefredningsområdet. I løpet av sommaren og hausten har ein prøvd å betre dei, men problemet med svært våte og gjørmete stigar har ein ikkje klart å takle. Det er derfor viktig at det vert lagt fram gode planar før nye tiltak i terrenget tek til. Ei skjøtselplan over området er ønskjeleg.

Det synte seg at ein ikkje klarte å nytte alle månadsverka som var løyvd. Eit månadsverk vart derfor flyttet over til Ulstein kommune, for å få avslutte oppryddinga i verneområda.



Fig. 9 Betring av tilkomstveg opp til fuglefjellet, Runde.



Fig. 10 Terregngtrapp i øvre del av Kaldeklåva, Runde.

3.10 PROSJEKTNR: 10

KOMMUNE:	Ulstein	SYSSELSETTE:	4
KOMMUNENR:	1516	MNDV. TILSEGN:	2 + 1
KARTREF. M711:	1119 I	MNDV. NYTTA:	3
TILSEGNSNR:	92/09115	SKAP TOTALT:	kr.38.250
PROSJEKTOMRÅDE:	Ulstein		
PROSJEKTPERIODE:	27.04.93 - 26.05.93 31.08.93 - 13.09.93		

ANNA FINANSIERING: FM-MVA: kr. 10.000
 PROSJEKT TOTALT: kr.48.250

PROSJEKTANSVARLEG: Ulstein kommune v/teknisk etat

PROSJEKTSKILDRING: Opprydding langs vassdrag og strender i Ulstein kommune.

UTFØRT ARBEID:

To sysselsette tok til med å rydde opp langs vassdrag og strender i slutten av april.
 Det er fjerna drivgods og tyngre avfall som jernskrap og oljefat langs stredene frå Flø til Ulstein sentrum, og i naturreservatet på Dimna.

I tillegg er det rydda søppel langs Sauneselva, Ulsteinelva og Vikelva.

MERKNAD:

For å verte ferdig med å rydde opp langs stredene fekk Ulstein kommune ei ekstraløyving på kr. 5.000. I tillegg vart eit månadsverk ført over frå Herøy kommune til Ulstein kommune.

3.11 PROSJEKTNR: 11

KOMMUNE:	Ulstein	SYSSELSETTE:	2
KOMMUNENR:	1516	MNDV. TILSEGN:	8
KAREGNSNR:	92/09115	MNDV. NYTTA:	8
PROSJEKTOMRÅDE:	Borgarøya	SKAP TOTALT:	kr. 102.000
PROSJEKTPERIODE:	17.03.93 - 26.10.93		

ANNA FINANSIERING: FM-MVA: kr. 16.000
 PROSJEKT TOTALT: kr. 118.000

PROSJEKTANSVARLEG: Ulstein kommune v/kulturetaten
 PROSJEKTSKILDRING: Skjøtsel av kulturlandskapet på Borgarøya.

UTFØRT ARBEID:

Arbeidet som er utført på Borgarøya er i samhald med skjøtselsplana for området.

Denne somaren har ein konsentrert seg om å rydde skog og kratt som hadde vakse inn på innmarka, samt å fjerne høgtveksande tuer på dei opne engene.

Det er fjerna tennung rundt om på gardstunet, langs stigen som går frå tunet til Bøtun og vidare til Benthaugen, enga vest for nyløa og randsona av bjørk og gran sør for naustet. I tillegg er det tatt ut og fjerna vindfall i skogbrynet nordaust for gamleløa.

Etter mange år med brakk jord har det danna seg høgtveksande tuer på innmarka. Desse er fjerna mekanisk med øks, slik at det vert mogleg å drive rasjonell slått i området (fig. 11). Det er fjerna høgtveksande tuer på enga vest for nyløa, og i den gamle bærhagen.

I løpet av sommaren vart gardstunet, gardsvegen, råsa frå Benthaugen og dei områda kor ein har fjerna høgtveksande tuer slått.

MERKNAD:

Rydding av skog/kratt og fjerning av høgtveksande tuer på dei opne engene har vore meir arbeidskrevande enn kva ein først trudde. Det hastar meir å skjøtte vegetasjonen enn dei tekniske anlegga, så hovudtyngden av arbeidet har gått på rydding av skog og fjerning av høgtveksande tuer.

Arbeidsansvarleg er veldig godt nøgd med ordninga. Ein har fått gjort mykje arbeid for dei 8 månadsverka som kommunen fekk løyvd til skjøtsel av naturlandskapet på Borgarøya.



Fig. 11 Fjerning av høgtveksande tuer på innmark, Borgarøya



Fig. 12 Kultivering av røye i Eidsvatn, Bolingen og Storevatn. (Foto: Tormod Engen 1993)

3.12 PROSJEKTNR: 12

KOMMUNE:	Volda	SYSSELSETTE:	3
KOMMUNENR:	1519	MNDV. TILSEGN:	12
KARTREF. M711:	1219 III	MNDV. NYTTA:	7,36
TILSEGNSNR:	92/09055	SKAP TOTALT:	kr.102.000
PROSJEKTOMRÅDE:	Austefjordvassdraget		
PROSJEKTPERIODE:	04.02.92 - 15.11.93		

ANNA FINANSIERING: FM-MVA: kr. 50.000
 PROSJEKT TOTALT: kr. 143.840

PROSJEKTANSVARLEG: Volda kommune v/natur -og miljørådgjevar
 PROSJEKTSKILDRING: Kultivering av røyebestanden i Eidsvatn, Bolingen og Storevatnet.
 Overvaking av vasskvalitet i Austefjordvassdraget.
 Betring av gytelokalitetane for laks.

UTFØRT ARBEID:

Kultivering av røye:

Det vart kjøpt inn 25 teiner og 12 garn (32 og 40 omfar) for å drive kultivering av røye i Eidsvatn, Bolingen og Storevatn (fig.12). Kultiveringa tok til i slutten av april, etter ein modell frå Takvatn i Troms. Teiner og garn vart drege 2-3 gonger i veka. Det er teke opp ca. 12.000 fisk/ynge i utgangen av oktober, og ein reknar med at fiske vil vere bra utover vintermånadane.

Overvaking av vasskvaliteten:

Prøvetakinga tok til i slutten av mai, og det er teke vassprøver ein gong i månaden frå tre elvestasjonar i vassdraget. Elvestasjonane er valgt ut slik at dei skal syne ein gradient frå upåverka tilstand øvst i vassdraget til påvirka tilstand nedst.

- stasjon 1. elv frå Store Vassdalsvatn
- stasjon 2. Kaldvatn nedstrøms
- stasjon 3. Litlevatn nedstrøms

Prøvene er analysert for tot.nitrogen, tot.fosfor, konduktivitet, PH og temperatur. I tillegg er det målt siktedjup i Eidsvatn, Bolingen og Storevatn.

Fylkesmannen utfører eit program for overvaking av landbrukspåverka vassdrag i Møre og Romsdal. I Austefjordvassdraget er det i løpet sommaren teke bakteriologiske analysar og analysar for begroing.

Betring av gytelokalitetar for laks:

For å betre dei naturlige gyteplassane etter tidligare utskyting og senking av vass-standen i elva, er det lagt ut eigna gytegrus mellom Storevatn og fossen.

Det er lagt ut 6 m^3 med avrunda pukk som dekkjer ca. $10-12\text{ m}^2$.

I tillegg er det rydda fram og betra ein del gamle fiskestigar som går langs vassdraget.

3.13 PROSJEKTNR: 13

KOMMUNE:	Volda	SYSSELSETTE:	3
KOMMUNENR:	1519	MNDV. TILSEGN:	17
KARTREF. M711:	1119 II	MNDV. NYTTA:	11,33
TILSEGNSNR:	92/09055	SKAP TOTALT:	kr. 144.458
PROSJEKTOMRÅDE:	Øyraelva		
PROSJEKTPERIODE:	10.05.93 - 31.12.93		

ANNA FINANSIERING: SFT: kr. 60.000
PROSJEKT TOTALT: kr. 204.458

PROSJEKTANSVARLEG: Volda kommune v/kommunegartnar
PROSJEKTSKILDRING: "Aksjon vanndømme"
Restaurering av gammalt kraftverk.

UTFØRT ARBEID:

Sommaren 1993 starta restaureringa av eit lite kraftverk som ligg ved Øyraelva. To sysselsette og folk frå den lokale historie-foreninga har delteke i arbeidet. Det er støypt nye murar og bygd eit nytt kraftverk. Den gamle turbinen er restaurert og montert opp inne i det nye kraftverket. Intensjonen er at kraftverket skal kunne fungere som eit lite museum i framtida (fig. 13 og 14).

Vatnet vart frå gammalt av leda i eit kanalsystem frå Rotevatn og ned til kraftverket. Ein har no begynt arbeidet med å reinske opp kanalen.

Det var planen at ein skulle rehabilitera nokre massefyllingar som ligg langs Øyraelva, og vidareføre turstigen frå idrettsplassen og opp til ein eksisterande skogsveg. Dette arbeidet vart ikkje utført pga. konflikt med grunneigarar.

MERKNAD:

Like ved kraftverket, ligg det ei gamal sag. I framtida kan det vere aktuelt å restaurere saga slik at ein tek vare på den gamle lokalhistoria for området. Nedover heile elva er det restar etter gammal drift av ulikt slag. Restar etter gamle eldhus kan ein finne fleire stadar, og desse skulle ein ha teke vare på for å auke opplevelinga av området.



Fig. 13 Restar etter eit gammalt kraftverk ved Øyraelva, Volda.



Fig. 14 Oppsetting av nytt kraftverk ved Øyraelva, Volda.

3.14 PROSJEKTNR: 14

KOMMUNE:	Ørsta	SYSSELSETTE:	5
KOMMUNENR:	1520	MNDV. TILSEGN:	2
KARTREF. M711:	1119 II	MNDV. NYTTA:	2
TILSEGNSNR:	92/09078	SKAP TOTALT:	kr.25.500
PROSJEKTOMRÅDE:	Raudøya		
PROSJEKTPERIODE:	01.06.93 - 22.06.93		

PROSJEKT TOTALT: kr.25.500

PROSJEKTANSVARLEG: Ørsta kommune v/teknisk etat

PROSJEKTSKILDRING: Rydding av avfall på Raudøya.

UTFØRT ARBEID:

På Raudøya og Raudøyholmen er det rydda søppel langs strandlinja, og innover land, plast, jernskrap, oljefat, bildekk o.a. vart fjerna (fig. 15). Ein av dei sysselsette disponerte eigen båt, som vart nytta til å frakte avfallet inn til land. Ørsta kommune har betalt leige av båt og avgifta på renovasjonen som var knytta til arbeidet.

MERKNAD:

Raudøya er eit viktig område som hekkelokalitet for mellom anna grågås og hegre. Det er derfor viktig at ikkje fuglelivet vert uroa i hekkesesongen. Liknande arbeid eit anna år bør gå føre seg før eller etter hekkesesongen.



Fig. 15 Rydding av søppel på Eineneset, Raudøya.

3.15 PROSJEKTNR: 15

KOMMUNE:	Norddal	SYSSELSETTE:	5
KOMMUNENR:	1524	MNDV. TILSEGN:	9
KARTREF. M711:	1319 IV	MNDV. NYTTA:	4,25
TILSEGNSNR:	92/09057	SKAP TOTALT:	kr. 54.188
PROSJEKTOMRÅDE:	Alnesreset/Trollstigen, div turløyper		
PROSJEKTPERIODE:	15.07.93 - 04.08.93		
	06.11.93 - 16.12.93		
PROSJEKT TOTALT:	kr. 54.188		

PROSJEKTANSVARLEG: Norddal kommune v/miljøvernleiar
PROSJEKTSKILDRING: Restaurering av den gamle Trollstigvegen.
 Rydding av div. turstigar i kommunen

UTFØRT ARBEID:

Det er utført restaurering av den gamle Trollstigvegen fra Slettvikane til Alnesreset ved kommunegrensa, ca 1,5 km. Standarden på vegen har en prøvd å få så likt det opphavlege som mogleg. Trollstigvegen var fra gammalt av den gamle samferdselsvegen mellom Sunnmøre og Romsdal.

I løpet av sommaren 1993 er det fjerna lyng og busker som hadde begynt å etablere seg i traseen. På enkelte stader låg det att mykje Stein etter at riksvegen vart bygd. Her har ein rydda opp og lagt steinen fint til rette. På dei våtaste partia er det lagt ned steinheller. Alt arbeidet er gjort for hand.

Arbeidet må sjåast i samband med den restaureringa som Rauma kommune har gjort. Prosjektet er eit interkommunalt samarbeid mellom dei to kommunane for å få den gamle Trollstigvegen mellom Norddal og Rauma ferdig restaurert. Skilting og oppsetting av informasjonstavler vert gjort våren 1994 i samarbeid med Rauma kommune.

MERKNAD:

Arbeidet med å restaurere Trollstigvegen tok til seinare enn planlagt pga. mykje snø i fjella. Etter at ein hadde starta på arbeidet viste det seg at kvaliteten på vegen var betre enn venta. Av dei 9 månadsverka som vart løyvd til dette arbeidet, vart det derfor berre nytta 2,25 månadsverk.

Av dei resterande 6,75 månadsverka er det nytta 2 månadsverk til rydding av diverse turløyper i kommunen. Ein har rydda turløyper på Grønningsæter, Myklebust og i Norddal.

3.16 PROSJEKTNR. 16

KOMMUNE:	Stranda	SYSSELSETTE:	4
KOMMUNENR.:	1525	MNDV. TILSEGN:	6
KARTREF. M711:	1219 II	MNDV. NYTTA:	6
TILSEGNNSNR.:	92/09082	SKAP TOTALT:	kr. 76.500
PROSJEKTOMRÅDE:	Geirangerfjorden		
PROSJEKTPERIODE:	19.07.93 - 26.08.93		

PROSJEKT TOTALT: kr. 76.500

PROSJEKTANSVARLEG: Formann for Storfjordens venner

PROSJEKTSKILDRING: Skjøtsel av kulturlandskap i Geirangerfjorden.

UTFØRT ARBEID:

Skageflå

Skageflå er ein gammal fjellgard, som ligg inne i Geirangerfjorden. Det er utført skjøtsel av området/bruket. Graset på dei nærmaste bøane og delvis rundt husmurene vart slått, og ein del busker og tre som var i kontakt med treverket på husa vart fjerna.

Vegen frå fjorden og opp til garden vart kvista og reparert der det var naudsynt. I tillegg er råsa frå Skageflå og opp til Lisjesætra rydda for busker, tre og rotvelter.

Alle bygningane er rydda innvendig, og våningshusa er kosta og delvis vaska. Den øvste stova fekk skader etter orkanen i 1992. Det er skifta ut knuste takplater, og lagt ny bordkledning på heile vestveggen (fig. 16). På den nedste stova er heile vestre enden av huset retta opp ved hjelp av jekk og avstiving. Orkanskader på taket er reparert, og bordkledninga under rafta på vestveggen er skifta ut.

I tillegg til arbeidet ved Skageflå, er det utført skjøtselsarbeid på fleire fjellgardar i Geirangerfjorden.

Horvadrag

Stigen opp til Horvadrag vart sett i stand i fjor. I løpet av vinteren har det oppstått ein del skader på vegen, skadene er no reparert.

Rundt tunet vart graset slått, og ein del busker og kratt vart fjerna. I hovudhuset har ein sett inn nye vindauge og reparert skader på tak og veggar.

Megardspllassen

Stigen opp til Megardspllassen vart merka, og rydda for tre og busker. I tillegg vart det rydda bort ein del busker i tunet. Det vart og rydda rundt nokre utløemurar som ligg mellon Horvadrag og Megardspllassen.

Bringa

Stigen vart rydda og delvis sett i stand. Det er fjerna busker og små-kratt rundt hus -og løemurar. Dette er gjort for at murane skal bli meir synleg i frå sjøen.

Gomsdal

Her vart stigen rydda heilt opp til garden, og nokre småtrapper vart sett i stand att.

MERKNAD:

Det vart ikkje løyvd driftsmidlar frå miljøverndepartementet til dette prosjektet.

Arbeidsleiaren kunne melde at det var vanskeleg å gjennomføre arbeidet utan driftsmidlar, og det vart derfor sørkt om støtte frå Riksantikvaren. Riksantikvaren løyvde eit ordinært tilskot på 30.000 kr. til skjøtsel av fjellgardane i Geiranger.

Det er gjort mykje skjøtselsarbeid for dei 6 månadsverka som vart løyvd, og arbeidsleiari er svært nøgd med ordninga.



Fig. 16 Reparasjon av øvstestova på Skageflå, Stranda kommune.
(Foto: Atle Ringseth 1993)

3.17 PROSJEKTNR: 17

KOMMUNE:	Giske	SYSSELSETTE:	7
KOMMUNENR:	1532	MNDV. TILSEGN:	12
KARTREF. M711:	1120 II	MNDV. NYTTA:	12
TILSEGNSNR:	92/09097	SKAP TOTALT:	kr. 153.000
PROSJEKTOMRÅDE:	Giske fredningsområde		
PROSJEKTPERIODE:	01.05.93 - 30.07.93		

ANNA FINANSIERING: FM-MVA: kr. 77.000, komm. kr. 15.000
 PROSJEKT TOTALT: kr. 230.000

PROSJEKTANSVARLEG: Giske kommune, v/miljøvernrådgjevar
 PROSJEKTSKILDRING: Rydding av avfall og oppsetting av informasjonstavler i verne-område, Giske kommune.

UTFØRT ARBEID:

Det er rydda opp langs strandlinja i alle seks verne-områda i kommunen. Avfallet er samla saman og køyrt til den kommunale fyllplassen. Parkeringsplassar og stigar i områda vart rusta opp etter avtale med grunneigarane.

Etter anbefalte mål frå Direktoratet for naturforvaltning, er det bygd og sett opp 20 informasjonstavler i tilknytning til verneområda: 6 tavler i verveområdet på Giske, 4 tavler på Roaldsandene, 3 tavler i Blindheimsvikane og Synnesvågen og 2 tavler i Rørvikvatnet og Rørvikvågen. Tavlene er sett opp i samråd med fylkesmannen og grunneigarane i området (fig. 17).

MERKNAD:

Det er viktig at det vert halde tilsyn med verneområda og informasjonstavlene i framtida. Miljøvernleiar er nøgd med dei nye info-tavlene, men peikar på behovet for tysk tekst på tavlene, sidan mange tyske turistar besøker områda kvar sommar.



Fig. 17 Oppsetting av info-tavler i verneområda.
(Foto: Gunnar Godøy)



Fig. 18 Flytebrygge for funksjonshemma i Vatne-vatnet, Haram kommune.
(Foto: Svein Johansen 1993)

3.18 PROSJEKTNR: 18

KOMMUNE:	Haram	SYSSELSETTE:	3
KOMMUNENR:	1534	MNDV. TILSEGN:	8
KARTREF. M711:	1220 III	MNDV. NYTTA:	8
TILSEGNSNR:	92/09072	SKAPTOTALT:	kr.102.000
PROSJEKTOMRÅDE:	Vatne-vatnet		
PROSJEKTPERIODE:	01.05.93 - 31.08.93		

PROSJEKT TOTALT: kr. 102.000

PROSJEKTANSVARLEG: Haram kommune v/teknisk etat

PROSJEKTSKILDRING: Leggje tilrette for fiske/friluftsliv i Vatne-vatnet.

UTFØRT ARBEID:

I 1992 vart det bygd veg med rullestolstandar ned til Gurines bukta i Vatne-vatnet. Som ei oppfølging av prosjektet vart det sommaren 1993 laga og lagt ut ei flytebrygge dimensjonert for rørslehemma (fig. 18).

Rundt sjølve anlegget er det planert slik at ein kan slå med ei lita slåmaskin. På dei mest opne stadane er det planta naturlige tre og busker. Benkar laga av kløyvde trestammar er sett ut i området for å auke trivselen.

MERKNAD:

Dei sysselsatte hadde liten erfaring med snikkararbeid, snikringa av flytebrygga tok dermed lengre tid enn planlagt.

3.19 PROSJEKTNR: 19

KOMMUNE:	Rauma	SYSSLESETTE:	6
KOMMUNENR:	1539	MNDV. TILSEGN:	9
KARTREF. M711:	1319 IV	MNDV. NYTTA:	9
TILSEGNSNR:	92/09052	SKAP TOTALT: kr.	114.750
PROSJEKTOMRÅDE:	Isterdalen-Trollstigen		
PROSJEKTPERIODE:	01.06.93 - 31.08.93		

ANNA FINANSIERING: FM-MVA: kr. 40.000
 PROSJEKT TOTALT: kr. 154.750

PROSJEKTANSVARLEG: Rauma kommune v/miljøvernrådgjevar
 PROSJEKTSKILDRING: Restaurering av den gamle Trollstigveg, "Klovstien"
 Bygging av bru over Istra.

UTFØRT ARBEID:

Sommaren 1991 starta arbeidet med å restaurere "kløvstien", den gamle samferdselsvegen mellom Romsdalen og Sunnmøre. Det vart då restaurert ein trase frå Bøsetra og opp til Stigrøra.

Det er sommaren 1993 restaurert ein trase frå Knutsetra til Bøsetra i Isterdalen. Det er fjerna lyng og tennung, slik at traseen no er godt synleg i terrenget (fig. 19). Der den gamle Trollstigvegen kryssar Istra er det bygd ei ny hengebru, som er rekonstruert etter eit gammalt fotografi (fig. 20). Etter bruа følgjer stigen ein eksisterande skogsveg, som hovudsakeleg går i den gamle traseen. Trollstigvegen kjem deretter inn på fylkesvegen like nedanfor Soggesetra. Tilsaman er det restaurert ein trase på ca. 3 km.

I tillegg er det restaurert ein trase frå Stigrøra og inn på grensa til Norddal kommune. Den gamle Trollstigvegen "kløvstien", er no restaurert frå Isterdalen i Rauma kommune til Slettvikane i Norddal kommune, og under heile restaureringsarbeidet har ein så langt det var mogleg følgd den gamle traseen.

MERKNAD:

I samarbeid med Norddal kommune har ein starta arbeidet med å lage informasjonstavler for den gamle Trollstigvegen. Tavlene vert sett opp før turistsessongen tek til i 1994.



Fig. 19 Restaurering av den gamle Trollstigvegen, "kløvstien" i Isterdalen.



Fig. 20 Ny hengjebru over Istra i samband med "Kløvstien".

3.20 PROSJEKTNR: 20

KOMMUNE:	Rauma	SYSSELSETTE:	4
KOMMUNENR:	1539	MNDV. TILSEGN:	4
KARTREF. M711:	1320 III	MNDV. NYTTA:	4
TILSEGNSNR:	92/09052	SKAP TOTALT:	kr.51.000
PROSJEKTOMRÅDE:	Kolmanneset		
PROSJEKTPERIODE:	april - september		

ANNA FINANSIERING: FM-MVA: kr. 20.000
 PROSJEKT TOTALT: kr. 71.000

PROSJEKTANSVARLEG: Rauma kommune v/miljøvernrådgjevar
 PROSJEKTSKILDRING: Vedlikehald av Kolmanneset friområde,
 snikring av informasjonstavler.

UTFØRT ARBEID:

Før badesessongen starta vart det rydda søppel langs strandlinja og inne på området.

Området rundt gravhaugane og ut mot neset var prega av sterk attgroing. Det er no fjerna tennung, busker og vindfall. Etter skogryddinga har gravhaugane i området komme mykje betre til synne.

Tilkomstvegen er grusa og slåttemarka er slått to gonger denne sesongen, med ei lett tojhjula slåmaskin.

Etter standard mål frå Direktoratet for naturforvaltning er det snikra ei informasjonstavle som skal setjast opp ved parkeringsplassen. Sjølve informasjonsplakaten er ikkje ferdig utforma enda. Dette arbeidet skjer i samråd med Fylkeskonservatoren v/kulturavdelinga, og ein reknar med at arbeidet er ferdig i løpet av 1994.

3.21 PROSJEKTNR: 21

KOMMUNE:	Rauma	SYSSELSETTE:	5
KOMMUNENR:	1539	MNDV. TILSEGN:	30
KARTREF. M711:	1320 III	MNDV. NYTTA:	28,5
TILSEGNSNR:	92/09052	SKAP TOTALT:	kr.363.375
PROSJEKTOMRÅDE:	Utløpet Rauma elv		
PROSJEKTPERIODE:	mars - desember		

ANNA FINANSIERING: SFT: kr. 110.000
 PROSJEKT TOTALT: kr. 473.375

PROSJEKTANSVARLEG: Rauma kommune v/miljøvernleiar
 PROSJEKTSKILDRING: "Aksjon Vannmiljø"
 Restaurering av elveforbygging og etablering av gangveg langs
 nordsida av Rauma elva.

UTFØRT ARBEID:

Restaurering av elvekanten langs nordsida av Raumaelva starta i 1992. Våren 1993 starta vidareføringa av arbeidet. Det er utført restaurering av elvekanten i ei strekning på ca. 300 meter. For å unngå ei rett og jamn elveforbygging, og for å gjøre strekninga meir attraktiv som fiske plass er det laga fleire "utstekkara" ut i elva.

På ein av "utstekkarane" er det lagt tilrette for bruk av rullestol. Her har ein asfalterrert og lagt opp ein 15 cm. kant, for å hindre at nokon skal dette ut i elva.

Langs elveforbygginga er det opparbeid ein grusstig, med ein bredde på ca. 2 m. (fig. 21). Det er planert og sådd i langs delar av grusstigen, samt eit område på nordsida av fylkesvegen.

MERKNAD:

Vilkåret for tildeling av midlar innan Aksjon vannmiljø var at kommunen måtte syte for 50% av kostnadane. Elveforbygginga har kravd store kostnader, og det har vore vanskeleg å få finansiert arbeidet. Dette har gjort at arbeidet har gått mykje seinare enn planlagt, og at ei mindre strekning enn venta er gjort ferdig.

Restaurering av ei elveforbygging er kostnadskrevande, og det meste av arbeidet vart gjort maskinelt. Dette førte til at sysselsetjingseffekten vart mindre enn kva som var ønskjeleg. Av dei løyvde månadsverka er det nytta 17 månadsverk til restaurering av elveforbygginga. For å få høgast mogleg sysselsetjing er nokon av månadsverka nytta til å utbetre stigen frå Åndalsnes og opp til Nebba. Sjå omtale side 36.

Nebba-stien

Nebba-stien som går frå Åndalsnes sentrum og opp til Nebba, er ein mykje nytta turtrase både for lokalbefolkinga og turistar. Dei siste åra har stigen vorte halde dårlig vedlike, og ein har derfor valgt å nytte 11,5 månadsverk innan ordninga miljø og sysselsetjing for å betre og sikre stigen.

Ein har rydda traseen og fjerna rotvelt og kvistar. På enkelte stader hadde stigen begynt å rase ut. Her er det skava av jord og torv slik at berget kom til syne, og støypt trappetrinn av naturstein. Som sikring i dei brattaste partia er det sett opp eit rekksverk av kjetting.




Fig. 21 Opparbeiding av turveg langs elveforbygging, utløpet Rauma elv.

3.22 PROSJEKTNR: 22

KOMMUNE:	Rauma	SYSSELSETTE:	2
KOMMUNENR:	1539	MNDV. TILSEGN:	7
KARTREF. M711:	1319 I	MNDV. NYTTA:	7
TILSEGNSNR:	92/09052	SKAP TOTALT:	kr. 89.250
PROSJEKTOMRÅDE:	Vermedalen, Sandgrobottn og Grovaskardet		
PROSJEKTPERIODE:	15.06.93 - 30.09.93		

ANNA FINANSIERING: DN: kr. 35.000
PROSJEKT TOTALT: kr. 124.250

PROSJEKTANSVARLEG: Rauma kommune v/miljøvernleiar
PROSJEKTSKILDRING: Rovvilttoppsyn i Vermedalen, Sandgrobottn
og Grovaskardet.

UTFØRT ARBEID:

Det har vore rovvilttoppsyn i Vermedalen, Sandgrobottn og Grovaskardet frå 15. juni til 30. september. Arbeidet har gått ut på å registrere aktiviteten av sau, rovdyr, rovfugl og folk i dei utvalde områda. Tilsyn av sau på beite er eit ledd i arbeidet for å førebygge skade av rovdyr på buffe.

Oppsynet strekte seg over 7,5 månader, med 57 dagar i Vermedalen og 60 dagar i Sandgrobottn/Grovaskardet.

Registrert tap på beite

	Slept på beite	Tapt på beite
Sau	678	12
Lam	1153	51

Tapet på beite i 1993 var 1,8% for sau og 4,4% for lam. Dette er dei lavaste tala sidan 1988 med 1% tap av sau og 3,6% tap av lam. jfr.sak nr 92/09052/414.0/ dok 45.

MERKNAD:

Sambandet mellom dei to engasjerte har fungert bra, men i mindre grad mellom dei som hadde oppsynet og saueigarane. Arbeidsansvarleg kan og melde at det har vore noko mangefull tilbakemelding frå tilsynet i området Vermedalen, men elles er arbeidet utført tilfredsstillande. Ved same tiltak til neste år er det peika på behovet for meir opplæring av dei som vert engasjert.

3.23 PROSJEKTNR: 23

KOMMUNE:	Nesset	SYSSELSETTE:	0
KOMMUNENR:	1543	MNDV. TILSEGN:	2
KARTREF. M711:	1320 II	MNDV. NYTTA:	0
TILSEGNSNR:	92/09063	SKAP TOTALT:	0
PROSJEKTOMRÅDE:	Eikesdalsvatnet		

PROSJEKT TOTALT: kr. 0

PROSJEKTANSVARLEG: Nesset kommune v/miljøvernrådgjevar

PROSJEKTSKILDRING: Rydding og tilrettelegging for fiske/friluftsliv langs Eikesdalsvatnet.

UTFØRT ARBEID:

Dette prosjektet kom ikkje i gang innan miljø og sysselsetjingsordninga. Kommunen har derfor nytta nokon månadsverk frå ordinære SKAP -plassar, for å legge litt til rette for friluftsliv ved Eikesdalsvatnet. Det vart snikra benkar og bord, som vart sett ut på eigna stader ved vatnet. Nokon namneskilt vart laga og sett opp, og søppel vart fjerna frå dei mest attraktive områda langs vatnet.

3.24 PROSJEKTNR: 24

KOMMUNE:	Averøy	SYSSELSETTE:	1
KOMMUNENR:	1554	MNDV. TILSEGN:	1
KARTREF. M711:	1321 III	MNDV. NYTTA:	1
TILSEGNSNR:	92/09051	SKAP TOTALT:	kr. 12.750
PROSJEKTOMRÅDE:	Omfarøya / Orøya		
PROSJEKTPERIODE:	24.04.93 - 24.05.93		

ANNA FINANSIERING: FM-MVA: kr. 2.000

PROSJEKT TOTALT: kr. 14.750

PROSJEKTANSVARLEG: Averøy kommune v/miljøvernleiar

PROSJEKTSKILDRING: Opprydding i sikra friluftsområde på Omfarøya og Orøya

UTFØRT ARBEID:

Det er utført oppryddingsarbeid i sikra friluftsområde på Omfarøya og Orøya. På Omfarøya vart det fjerna søppel langs strandsona, og kvist frå vindfall langs stigane. Det er også utført ein del vedlikhald av benkar og bord i området. Arbeidet på Orøya bestod av søppelrydding langs fjøra.

MERKNAD:

Arbeidsleiar kunne melde at det har teke etter måten mykje tid å skaffe folk, og å administrere arbeidet for berre 1 månadsverk. Skal ein ha noko utbytte av denne ordninga må prosjektperioden strekkje seg over lengre tid.

3.25 PROSJEKTNR: 25

KOMMUNE:	Tingvoll	SYSSELSETTE:	1
KOMMUNENR:	1560	MNDV. TILSEGN:	6
KARTREF. M711:	1321 II	MNDV. NYTTA:	5.25
TILSEGNSNR:	92/09058	SKAP TOTALT:	kr.66.938
PROSJEKTOMRÅDE:	Straumsnes skole		
PROSJEKTPERIODE:	01.06.93 - 19.11.93		

ANNA FINANSIERING: FM-MVA: kr.10.000
 PROSJEKT TOTALT: kr. 76.938

PROSJEKTANSVARLEG: Straumsnes skole v/rektor
 PROSJEKTSKILDRING: Miljøhage , dyrking i skolen
 Opparbeiding av leike -og samværsplass

UTFØRT ARBEID:

Arbeidet starta med oppmåling og nivellering av både miljøhagen og leikeplassen.

Miljøhage

Delar av hagen er grøfta og drenert slik at den skal verte betre egna for dyrking av grønsaker. Frå skoleplassen og opp til hagen er det laga ei trapp av telefonstolpar (fig. 22). I området er det også laga eit platå, som skal nyttast til uteundervisning og oppholdsstad for elevane ved skolen.

Framtidige planar for skolen er å få det dyrka området så stort at ein kan ta til med systematisk dyrking, til dømes etter ide frå Stjernehagen ved Tingvoll Gard.

Leike -og samværsplass

Det er lagt ned ein god del arbeid for å få området skikkeleg drenert. Vidare er det gjort relativt store masseflytningar. Østre del av leikeplassen er heva, slik at ein kunne utnytte plassen til to skilde banar, fotball -og handballbane.

Ved den østre enden av fotballbanen, er det laga ein vegg for å fange opp ballar. I skråninga frå gjerdet og ned mot parkeringsplassen, er det lagt på matjord med tanke på tilsåing og planting av trær og busker. Dette er også gjort på jordvollen mellom fotballbana og handballbana (fig. 23).

I tillegg er leikeapparata i skolegarden sikra.

MERKNAD:

Under heile arbeidet har det vore behov for maskinarbeid, dette har ført til at driftsmidlane som var løyvd vart litt knapp i forhold til talet på månadsverk. Den sysselsette har derfor i periodar gått arbeidsledig på grunn av mangel på driftsmidlar, noko som er lite ønskjeleg.



Fig. 22 Straumsnes skole, trapp opp til miljøhagen (Foto: Per R. Skarseth 1993)




Fig. 23 Straumsnes skole, opparbeiding av leike -og samværs plass.
(Foto: Per R. Skarseth 1993)

3.26 PROSJEKTNR: 26

KOMMUNE:	Surnadal	SYSSELSETTE:	2
KOMMUNENR:	1566	MNDV. TILSEGN:	3
KARTREF. M711:	1420 I / IV	MNDV. NYTTA:	3
TILSEGNNSNR:	92/09110	SKAP TOTALT:	kr.38.250
PROSJEKTOMRÅDE:	Verneområde i Surnadal		
PROSJEKTPERIODE:	10.05.93 - 30.06.93		

ANNA FINANSIERING: FM-MVA: kr.3.000
 PROSJEKT TOTALT: kr. 41.250

PROSJEKTANSVARLEG: Surnadal kommune v/miljøvernkonsernt
 PROSJEKTSKILDRING: Søppelrydding m.a. i naturreservat
 Oppsetting av info-tavler i naturreservata

UTFØRT ARBEID:

Søppelrydding:

To sysselsette har rydda søppel og avfall i dei fire verne områda i Surnadalen. Ein har konsentrert seg spesielt om strandområdet frå utløpet av Surna til Bøvrarøtet. Søppelryddinga har vore eit godt supplement til aksjonen som vart gjennomført på gardane i same periode. Tyngre avfall som jernskrap vart fjerna ved bruk av traktor.

Informasjonstavler:

Det er snikra 7 informasjonstavler til å sette opp rundt om i dei 4 naturreservata. Informasjonstavlene er laga etter standardmål frå Direktoratet for naturforvaltning. Tre av tavlene vart plasert på Sæterøya, mens det i Ranesevju, Grimsmo og Purka vart sett opp ei tavle i kvart område. Den siste tavla vert plassert i tilknytning til ein gangveg, som er planlagt å gå frå Grimsmo til Øye.

Sjølve informasjonsplakaten vart finansiert av fylkesmannen, og sett opp i slutten av september.

MERKNAD:

Dei to prosjekta i Surna har gått parallelt, med veksling mellom opprydding i verneområda, snikring og oppsetting av info-tavler. Ein har brukt meir enn dei 3 månadsverka som var løyvd til dei to prosjekta. Det er utført arbeid for 3,4 månadsverk, kommunen har finansiert dei ekstra 0,4 månadsverka.

3.27 PROSJEKTNR: 27

KOMMUNE:	Smøla	SYSSELSETTE:	2
KOMMUNENR:	1573	MNDV. TILSEGN:	6
KARTREF. M711:	1321 I	MNDV. NYTTA:	6
TILSEGNNSNR:	92/09075	SKAP TOTALT:	kr. 76.500
PROSJEKTOMRÅDE:	Kvistvågen		
PROSJEKTPERIODE:	12.05.93 - 11.08.93		
ANNA FINANSIERING:	FM-MVA: kr. 20.000		
PROSJEKT TOTALT:	kr. 96.500		

PROSJEKTANSVARLEG: Smøla kommune v/kultur etaten

PROSJEKTSKILDRING: Utbetring og opparbeiding av Kvistvågen friluftspark.

UTFØRT ARBEID:

Eit større skogsområde fekk store skadar etter stormen sist vinter. Vinnfall er rydda ut, og på dei mest opne stadene vart det planta nye tre. Noko av vindfallet har ein nytta til å lage tre bruer. Desse er sett opp over over ein bekke som renn igjennom området (fig. 24). Resten av tømmeret vart kappa og køyrt til lagring.

Sanitærbygg, portal og bruer er beisa og grøntarealet vart slått i løpet av sommaren. Ved portalen er det lagt opp ein mur av naturstein, dette for å hindre erosjon ved stor flo. Rundt frimrådet stod eit ca. 500 meter langt gjerde. Både gjerde og gjerdestolpar er no teke ned.



Fig. 24 Vedlikehald av Kvistvågen friluftsområde, Smøla.

3.28 PROSJEKTNR: 28

KOMMUNE:	Rindal	SYSSELSETTE:	3
KOMMUNENR:	1567	MNDV. TILSEGN:	15
KARTREF. M711:	1420 I-III / 1421 II 1520 III og IV 1521 III	MNDV. NYTTA:	15
TILSEGNNSNR:	92/09070	SKAP TOTALT:	kr. 191.250
PROSJEKTOMRÅDE:	Trollheimen		
PROSJEKTPERIODE:	01.04.93 - 26.11.93		

ANNA FINANSIERING: FM-MVA: kr. 100.000
 PROSJEKT TOTALT: kr. 291.250

PROSJEKTANSVARLEG: FM i Møre og Romsdal v/ oppsynsmannen for Trollheimen
 PROSJEKTSKILDRING: Registrering av bygningar og inngrep i Trollheimen,
 oppsetting av merker og informasjonstavler.

UTFØRT ARBEID:

Arbeidet er utført i samråd med Fylkesmannens miljøvernavdeling, og gjeld hovedsakleg
 ajourføring av verneplana for Trollheimen, mellom anna:

- registrering av bygningar og anlegg
- registrering av forn -og kulturminner
- registrering av forureining og rydding av søppel
- gjennomgang av oversikt over grunneigarar og eigarforhold
- legge tilrette for friluftsliv , oppsetting av informasjonstavler og oppsetting av
 grensemerker

Dei sysselsette har også gjort ein del kontorarbeid i løpet av prosjektperioden.

Fylkesmannen v/naturforvaltar har fortløpende vorte orientert om prosjektet. Arbeidet som
 er utført omfattar kommunane Rindal, Surnadal og Sunndal i Møre og Romsdal, og Oppdal,
 Rennebu og Meldal i Sør-Trøndelag. Prosjektet er administrert gjennom Rindal kommune

MERKNAD:

Arbeidsansvarleg er nøgd med ordninga, og ein har fått utretta mykje arbeid i løpet av
 sommaren og hausten. Arbeidet som er utført i 1993 skal gå inn som ein del av
 forvaltningsplana for Trollheimen.

3.29 PROSJEKTNR: 29

KOMMUNE:	Rindal	SYSSELSETTE:	4
KOMMUNENR:	1567	MNDV. TILSEGN:	11
KARTREF. M711:	1420 I/1520 IV	MNDV. NYTTA:	11
TILSEGNNSNR:	92/09070	SKAP TOTALT:kr.	140.250
PROSJEKTOMRÅDE:	Trollheimen		
PROSJEKTPERIODE:	20.06.93 - 01.10.93		

ANNA FINANSIERING: DN: kr. 35.000
 PROSJEKT TOTALT: kr. 175.250

PROSJEKTANSVARLEG: Styringsgruppe
 PROSJEKTSKILDRING: Tilsyn av sau-jerv i Trollheimen.

UTFØRT ARBEID:

Tilsynet er gjennomført i to hovudområde:

- Folldalen, eit område frå Gjevilvatnet til Svartådalen.
- Trollhetta-Urda, området frå Follsjøen til Rinnhatten.

Dei sysselsette arbeidde frå mandag til fredag, mens frivillige og sauueigarar utførte ein del av tilsynet i helgene. Dei som har utført tilsynet har gjort tilfredstilande registreringar, og har hatt god oversikt over beitedyra til ei kvar tid. Samarbeidet mellom prosjektansvarleg og dei sysselsette har og fungert godt.

Det er tredje året på rad at det har vore tilsyn i desse områda. Tala viser at tap av dyr på beite har gått kraftig ned sidan 1991. Ein har i år hatt eit tap i underkant av 4%.

Arbeidsleiaren kunne melde om at det har vore vanskeleg å finne kadaver i området. Stort område og mykje rovfuglar kan vere årsaken til dette. Ved tilsyn på beitet har ein og registrert at bufeet vert roligare.

3.30 PROSJEKTNR: 30

KOMMUNE:	Ålesund	SYSSELSETTE:	5
KOMMUNENR:	1504	MNDV. TILSEGN:	10
KARTREF. M711:	1219 I / IV	MNDV. NYTTA:	10
TILSEGNSNR:	92/09064	SKAP TOTALT:	kr. 127.500
PROSJEKTOMRÅDE:	Ålesund og omland		
PROSJEKTPERIODE:	05.05.93 - 18.12.93		

ANNA FINANSIERING: FM-MVA: kr. 65.000 + kr. 40.000
 PROSJEKT TOTALT: kr. 232.500

PROSJEKTANSVARLEG: Friluftsrådet for Ålesund og omland
 PROSJEKTSKILDRING: Diverse vedlikehald i sikra friluftsområde

UTFØRT ARBEID:

6 månadsverk er nytt til kontorhjelp, slik at sekretären i Friluftsrådet i større grad kunne ta del i oppfølginga av dei ulike miljø -og sysselsetjingsprosjekta. Ein har i løpet av hausten reparert Elvabytebrua i Stordalsfjella (fig. 25), og utført skjøtsel av mindre sikra friluftsområde. Det er og utført vedlikehald av gjestebryggene som Filuftsrådet for Ålesund og omland har ansvar for. I tillegg er det lagt ut to nye gjestebrygger.



Fig. 25 Reparasjon av Elvabytebrua i Stordalsfjella. (Foto: Magnhild Vatn 1993)

3.31 PROSJEKTNR: 31

KOMMUNE:	Ålesund	SYSSELSETTE:	2
KOMMUNENR:	1504	MNDV. TILSEGN:	4
KARTREF. M711:	1219 IV	MNDV. NYTTA:	4
TILSEGNNSNR:	92/09064	SKAP TOTALT:	kr.51.000
PROSJEKTOMRÅDE:	Borgundgavlen		
PROSJEKTPERIODE:	29.03.93 - 04.06.93		

ANNA FINANSIERING: FM-MVA: kr. 14.000
 PROSJEKT TOTALT: kr. 65.000

PROSJEKTANSVARLEG: Friluftsrådet i Ålesund og omland
 PROSJEKTSKILDRING: Opparbeiding av naturstig i Borgundgavlen.

UTFØRT ARBEID:

6. juni var det offisiell opning av Borgund naturstig. Prosjektet er eit samarbeid mellom Møre og Romsdal skogselskap, Sunnmøre Museum og Friluftsrådet i Ålesund og omland.

Det er opparbeidd ein 1,4 km. lang naturstig rundt om i museumsområdet (fig. 26). I regi av Møre og Romsdal skogselskap, er 30 oppslagstavler laga og sett opp langs traseen. Som dekkje på stigen vart det nytta oppkutta flis (fig. 27). På våte parti er det i tillegg lagt ned svillar/stokkar på tvers av stigen for å auke bere-evna.

MERKNAD:

Tiltaket har hatt stor informasjonsverdi både for natur, kultur og friluftsliv. Etter opninga av stigen har talet på turgåurar i området synt ein merkbar auke. Naturstigen gjer at folk kan bevege seg på ein større del av museumsområdet (kanalisiert ferdsel). Stigen vert og nytta av skolar som ein del av undervisninga.

Oppslagstavler rund om i området kan vere med på å auke opplevinga av naturen, men kan også virke som eit skjemmande element. Det er derfor viktig at ein ikkje overdriv bruken av desse tavlene. I Borgundgavlen kunne ein med fordel ha redusert talet på oppslagstavlene ute i terrenget, og knyttta meir av informasjonen til hovudtavla ved byrjinga av naturstigen

Det vart nytta flis som underlag, og dette har synt seg å fungere veldig bra som dekkje. Ein flislagt stig ligg fint i terrenget, og er ein naturvenleg måte å opparbeide ein stig på.



Fig. 26 Borgund naturstig ved Sunnmøre museum. (Foto: Magnhild Vatn 1993)



Fig 27. Bruk av flis som dekkje,
Borgund naturstig
(Foto: Magnhild Vatn)

3.32 PROSJEKTNR: 32

KOMMUNE:	Ålesund	SYSSELSETTE:	3
KOMMUNENR:	1504	MNDV. TILSEGN:	12
KARTREF. M711:	1219 IV	MNDV. NYTTA:	12
TILSEGNSNR:	92/09064	SKAP TOTALT:	kr. 153.000
PROSJEKTOMRÅDE:	Svinøya		
PROSJEKTPERIODE:	01.03.93 - 15.11.93		

ANNA FINANSIERING: FM-MVA: kr. 80.000
 PROSJEKT TOTALT: kr. 233.000

PROSJEKTANSVARLEG: Friluftsrådet i Ålesund og omland
 PROSJEKTSKILDRING: Opparbeiding av natur -og kulturstig, skjøtsel av kulturlandskap og diverse tilrettelegging på Svinøya friluftsområde.

UTFØRT ARBEID:

Det er laga ein natur-og kulturstig på Svinøya friluftsområde. Traseen går i ei sløyfe frå gardstunet og opp til øya sitt høgaste punkt. Langs heile traseen er det sett opp informasjonstavler og kulturstigplakatar. Det er for det meste nytta naturleg dekkje som underlag. I bratte partier er det lagt ut terrengrapper av kløyvde telefonstolpar (fig. 28).

Ved kuberga, på vest-sida av øya, er det lagt ut ei ny gjestebrygge og 4 bøyer som ein kan fortøye båtar i. I tilknytning til gjestebrygga, er 300 m av tilkomstvegen steinsett. På sørsida av øya er det sett opp eit standardtoalett av mol-do typen med lukka system (fig. 29), og utført sikring av hovudstigen inn i området.

Det er utført skjøtsel av kulturlandskapet rundt gardstunet, og på nokre slåtteenger. I tillegg er det rydda søppel i strandlinja og rundt om i friområdet

Svinøya vart offisielt opna 13. juni.

MERKNAD:

Ein har nytta naturleg dekkje som underlag, og dette gjer at stigen ligg fint i terrenget. I bratte og glatte partier er det lagt ut terrengrapper. Ein har nytta kløyvde telefonstolpar som er festa med jamne mellomrom til ein aluminiumskabel. Dette er ein metode som gjev eit svært bra resultat, ei funksjonell trapp som er naturvenleg tilpassa terrenget.



Fig. 28 Utlegging av terrengtrapp i naturstigen, Svinøya. (Foto: Magnhild Vatn 1993)




Fig. 29 Toalett av mold-do typen er sett opp på Svinøya friluftsområde.
(Foto: Magnhild Vatn 1993)

3.33 PROSJEKTNR: 33

KOMMUNE:	Skodje	SYSSELSETTE:	2
KOMMUNENR:	1529	MNDV. TILSEGN:	2
KARTREF. M711:	1219 IV	MNDV. NYTTA:	2
TILSEGNSNR:	92/09064	SKAP TOTALT:	kr.25.000
PROSJEKTOMRÅDE:	Håhjem		
PROSJEKTPERIODE:	18.10.93 - 22.11.93		

ANNA FINANSIERING: FM-MVA: kr. 10.000
 PROSJEKT TOTALT: kr. 35.000

PROSJEKTANSVARLEG: Friluftsrådet for Ålesund og omland

PROSJEKTSKILDRING: Planlegging og opparbeiding av friluftsområdet på Håhjem.

UTFØRT ARBEID:

Det er utført søppelrydding av strandområdet og fjerning av kvist etter hogst. Ein oppholdslass ved stranda hadde begynt og vaksen att, her er lyng og skrot fjerna for å gjere plassen meir attraktiv.

Det er også fjerna lyng fra 600 meter av eksisterande stig som gjekk langs skogkanten (fig. 30). På nokon stader var det behov for enkel tilrettelegging med steinsetting av stigen.




Fig. 30 Rydding av eksisterande stig, Håhjem friluftsområde.
 (Foto: Ingund Raastad 1993)

3.34 PROSJEKTNR: 34

KOMMUNE:	Skodje	SYSELSETTE:	3
KOMMUNENR:	1529	MNDV. TILSEGN:	6
KARTREF. M711:	1220 III	MNDV. NYTTA:	6
TILSENSNR:	92/09064	SKAP TOTALT:	kr. 76.500
PROSJEKTOMRÅDE:	Mauren		
PROSJEKTPERIODE:	30.08.93 - 04.11.93		

ANNA FINANSIERING: FM-MVA: kr. 40.000
 PROSJEKT TOTALT: kr. 116.000

PROSJEKTANSVARLEG: Friluftsrådet i Ålesund og omland

PROSJEKTSKILDRING: Vedlikehald av eksisterande stigsystem, opparbeiding av parkeringsplass og veg for rørslehemma i Mauren friluftsområde.

UTFØRT ARBEID:

Det er utført slått av friområdet og vedlikehald av eksisterande stigsystem.

I løpet av sommaren og hausten er det opparbeidd ein parkeringsplass (fig. 31). Sjølve grovplaneringa er gjort av vegvesnet. Dei har nytta massar som vart løyvd i tilknytning til vegarbeidet i området. Oppgrusing og finplanering av parkeringsplassen vart gjort av dei sysselsette på prosjektet.

Det er laga to turstigar for rullestol/barnevogn i området, med ei lengde på tilsaman 500 meter, Ein har nytta pukk som underlag og finare grus som toppdekke. Stigen har ei bredde på 1 - 1,5 meter (fig. 32).

MERKNAD:

All materiale til stigen vart køyrt ut med trillebåre, dette er gjort for at den skal føre til minst mogleg inngrep i naturen. Den nye parkeringsplassen ligg noko høgare i terrenget enn planlagt. Grunnen til dette var at vegvesnet nytta ein forholdsvis grov masse som underlag.




Fig. 31 Opparbeiding av parkeringsplass, Mauren frimråde.
(Foto: Ingund Raastad 1993)




Fig. 32 Ny turveg for rørslehemma
(Foto: Ingund Raastad)

3.35 PROSJEKTNR: 35

KOMMUNE:	Sula	SYSSELSETTE:	2
KOMMUNENR:	1531	MNDV. TILSEGN:	6
KARTREF. M711:	1119 I	MNDV. NYTTA:	6
TILSEGNNSNR:	92/09064	SKAP TOTALT:	kr. 76.500
PROSJEKTOMRÅDE:	Storholmen-Bredholmen		
PROSJEKTPERIODE:	08.03.93 - 07.06.93		

ANNA FINANŠIERING: FM-MVA: kr. 40.000
 PROSJEKT TOTALT: kr. 116.500

PROSJEKTANSVARLEG: Friluftsrådet i Ålesund og omland

PROSJEKTSKILDRING: Storholmen: opprusting av turstig og utlegging av flytebrygge.
 Bredholmen: fjerning av gammalt dynamittlager.

UTFØRT ARBEID:

Storholmen:

Før badesessongen tok til vart det rydda søppel lands strandlinja og inne på sjølve friområdet. Eksisterande stigar i området vart rusta opp/steinsett i ei lengde på ca. 100 meter. Dei sysselsette har og snikra eit spesialstativ for boss som er sett opp på kaia i Langevåg (fig. 33).

Bredholmen

Her har ein rive og fjerna eit gammalt dynamittlager, og sett opp nytt fendelverk til kaia.



Fig 33 Spesialstativ for søppel, langevåg kai. (Foto: Magnhild Vatn 1993)

3.36 PROSJEKTNR: 36

KOMMUNE:	Vestnes	SYSSELSETTE:	4
KOMMUNENR:	1535	MNDV. TILSEGN:	10
KARTREF. M711:	1220 II	MNDV. NYTTA:	10
TILSEGNSNR:	92/09064	SKAP TOTALT: kr	127.500
PROSJEKTOMRÅDE:	Kråkvika		
PROSJEKTPERIODE:	10.05.93 - 08. 10.93		

ANNA FINANSIERING: FM-MVA: kr. 50.000
 PROSJEKT TOTALT: kr. 177.500

PROSJEKTANSVARLEG: Friluftsrådet i Ålesund og omland

PROSJEKTSKILDRING: Etterrydding etter uttak av vindfall, opparbeiding av stig i Kråkvika friluftsområde.

UTFØRT ARBEID:

Mykje av arbeidet har gått til uttak av vindfall og etterrydding av kvist.
 Ein har og rydda traseen til ein ny turveg som skal vere tilpassa rørslehemma. Vegen skal verte bindeleddet mellom frimrådet, byggefeltet og ein institusjon som ligg i området.

I tillegg er det utført grunnarbeidet til ein ny tilkomstveg på ca. 200 meter, og rusta opp delar av eksisterande stig.

3.37 PROSJEKTNR: 37

KOMMUNE:	Molde	SYSSELSETTE:	3
KOMMUNENR:	1502	MNDV. TILSEGN:	9
KARTREF. M711:	1320 III	MNDV. NYTTA:	9
TILSEGNSNR:	92/09393	SKAP TOTALT:	kr.114.750
PROSJEKTOMRÅDE:	Veøy		
PROSJEKTPERIODE:	02.06.93 - 02.09.93		

ANNA FINANSIERING: FM-MVA: kr. 45.000
 PROSJEKT TOTALT: kr. 159.750

PROSJEKTANSVARLEG: Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernavdelinga
 PROSJEKTSKILDRING: Skjøtsel av Veøy landskapsvernområde.

UTFØRT ARBEID:

Arbeidet som er utført på Veøy landskapsvernområde, er i samhald med eksisterande skjøtselsplan for området.

For å utføre skjøtsel av ein så stor del av området som var ønskjeleg, vart det nytta tohjula slåmaskin og ljå i tillegg til traktor med slåmaskin. Ein har lagt stor vekt på kantslåtten for å få eit heilskapleg preg av området. Beitemarkene og grøntområda rundt husa vart slått to gonger denne sesongen (fig. 34).

På slåttemarka i Bondevika er det ønskjeleg å drive meir rasjonell slått. I dag er dette umogleg fordi marka er ujamn og har høgtveksande tuer. På ei prøveflate i nedre del av Bondevika har ein brukt harv og jamna marka. Større steinar er fjerna, og prøveflata skal få gro att naturleg. I Bondevika har og skogen omkring begynt å vekse innover marka. Mykje tennung vart rydda vekk sommaren 1991. I år har ein vidareført tynninga og utvida slåttemarka ytterlegare. Ein har no fått ei open mark med innslag av tregrupper med variert alderssamansettning.

Rundt om i området Brødkurven og Bondevika er det rydda vindfall, og rydda vekk litt skog slik at dei gamle fruktrea fekk meir lys. I grensa mellom tunet og Rådyrmarka står det ein gammal askealle. Her har ein fjerna kratt og andre treslag, slik at ein fekk fram askealleen som særpregar Veøy.

Det har fleire stadar begynt å vekse tennung inn på slåttemarka, dette er fjerna og ein har lagt vekt på å få ein gradvis overgang frå slåttemark til utmark.

MERKNAD:

Ein må følge opp med årleg skjøtsel, slik at dei nyrydda områda ikkje gror til att.

Dårlig ver har til ein viss grad forseinka arbeidet. Blaute marker har hindra at ein har fått brukt traktoren i enkelte periodar. Dette var og eit problem då ein skulle begynne med slåttonna. Ved å sette på dobelthjul på traktoren fekk ein gjort slåtten som planlagt.



Fig. 34 Skjøtsel av kulturlandskapet på Veøya.

3.38 PROSJEKTNR: 38

KOMMUNE :	Fræna	SYSSSELSETTE	2
KOMMUNENR:	1548	MNDV. TILSEGN:	12
KARTREF. M711:	1220 I	MNDV. NYTTA:	12
TILSEGNNSNR:	92/09060	SKAP TOTALT:	kr.153.000
PROSJEKTOMRÅDE:	Ergan kystfort		
PROSJEKTPERIODE:	01.03.93 - 30.06.93		

PROSJEKT TOTALT: kr. 153.000

PROSJEKTANSVARLEG: Fræna kommune v/kultursjefen
 PROSJEKTSKILDRING: Restaurering av Ergan kystfort

UTFØRT ARBEID:

Under siste krig vart det bygd eit større festningsanlegg ved Erganområdet i Bud.

Frå mars til juni har to personar vore engasjert på ekstraordinære miljø -og sysselsetjingsmidlar for å restaurere Ergan kystfort, i tillegg har kommunen brukt av den generelle sysselsetjingsposten for å vidareføre arbeidet.

Inne i sjølve kystfortet er det rydda opp og gravd ut nokon nye gangar og rom. I tillegg er det gjort ein del arbeid med å innrei kystfortet. Vidare er det utført diverse vedlikehald av området, med tilsåing av grøntanlegg, planting av vegetasjon og rydding av området. Radaren på Kjeksa er reparert og pussa opp.

Noko av arbeidet har gått på å hjelpe og rettleie dei besökande som kom til området i løpet av turistsesongen. I tillegg har ein starta på arbeidet med å bygge montere for å profilere kystfortet.

3.39 PROSJEKTNR: 39

ANSVARLEG :	M & R	SYSSELSETTE:	13
	Fylkeskommune	MNDV. TILSEGN:	55
TILSEGNNSNR:	92/09133	MNDV NYTTA:	55
PROSJEKTOMRÅDE:	Møre og Romsdal	SKAP TOTALT:	kr.701.250
PROSJEKTPERIODE:	Mars - November		

ANNA FINANSIERING: FM-MVA: kr. 150.000
 PROSJEKT TOTALT: kr.851.250

PROSJEKTANSVARLEG: M & R Fylkeskommune v/kulturavdelinga
 PROSJEKTSKILDRING: Registrering av kulturminner i Møre og Romsdal, SEFRAK.

UTFØRT ARBEID:

Det er utført SEFRAK registreringar rundt om i 10 kommunar i Møre og Romsdal
 Registreringane er gjort i kommunane Molde, Ålesund, Volda, Stranda, Giske, Haram, Frei,
 Gjemnes, Tingvoll og Smøla.

I løpet av sommaren og hausten er det registrert ca 1476 faste kulturminner som er bygd før
 1900.

MERKNAD:

Miljø -og sysselsetjingsprosjektet har ført til mykje ekstraarbeid for arbeidsansvarlege ved
 kulturavdelinga. Vanskår med å få inn kvalifisert arbeidskraft har ført til mykje reising for å
 følge opp SEFRAK-registreringane ute i kommunane.

Sjølv med ein del vanskar undervegs, har ein fått registrert relativt mange objekt i 1993.

3.40 PROSJEKTNR: 40

KOMMUNE :	Halsa	SYSSELSETTE:	2
KOMMUNENR:	1571	MNDV. TILSEGN:	3
KARTREF. M711:	1421 III	MNDV. NYTTA:	3
TILSEGNNSNR:	92/09062	SKAP TOTALT:	kr.38.250
PROSJEKTOMRÅDE:	Halsa		
PROSJEKTPERIODE:	28.08.93 - 10.09.93		

PROSJEKT TOTALT: kr. 38.250

PROSJEKTANSVARLEG: Halsa kommune v/kulturkontoret

PROSJEKTSKILDRING: Registrering av formminner

UTFØRT ARBEID:

Det er gjort registreringar av tidlegare kartlagde forminnger rundt om i kommunen. Arbeidet har vore ei vidareføring av registreringane som tok til i 1992. I løpet av sommaren er det registrert gravrøyser, dyregraver, diverse reiskapar o.a., tilsaman ca. 40 funnstader.

Det er og gjort ein del funn som ikkje tidlegare har vore registrert hos fylkesarkeologen ved kulturavdelinga, dette gjeld nokre dyregraver og småreiskapar.

MERKNAD:

Arbeidsleiar kunne melde om at det er gjort mykje registreringsarbeid for dei 3 månadsverka som vart løyvd. Dei sysselsette har og utført eit tilfredsstillande arbeid.

3.41 PROSJEKTNR: 41

KOMMUNE :	Kristiansund	SYSSELSETTE:	4
KOMMUNENR:	1503	MNDV. TILSEGN:	16
KARTREF. M711:	1321 II	MNDV. NYTTA:	16
TILSEGNSNR:	92/09065	SKAP TOTALT:	kr.204.000
PROSJEKTOMRÅDE:	Brunsvika		
PROSJEKTPERIODE:	28.06.93 - 31.12.93		

ANNA FINANSIERING: FM-MVA: kr. 68.000
 PROSJEKT TOTALT: kr. 272.000

PROSJEKTANSVARLEG: Nordmøre Museum
 PROSJEKTSKILDRING: Restaurering av Reperbanen

UTFØRT ARBEID:

Reperbanen i Brunsvika er bygd på midten av 1800-tallet, og i den 140 meter lange bygninga vart det frå gammalt av laga reip i heil lengde.

Det er i 1993 utført ein del restaureringsarbeid. Rotent trotak er skifta ut, og det er lagt på hurbord, papp, lekter og bølgjeblekk på delar av taket. Huset har ein prøvd å rette opp, og nokon av sylstokkane som Reperbanen er bygd på vart skifta ut.

Heile Reperbanen er rydda innvendig, rusk og gjenstandar som ikkje har tilknytning til huset er fjerna. Jord som låg inntil veggen er grave vekk, og ny bordkledning er lagt på der det var naudsynt.

Under heile restaureringsarbeidet har ein lagt vekt på at delane som vart skifta ut skulle vere nøyaktig kopi av det opphavlege.

MERKNAD:

Riksantikvaren har løyvd eit ordinært tilskott på kr. 265.000 til restaureringa. Arbeidet vart ikkje gjort ferdig i 1993, enda er det mykje som står att før Reperbanen er ferdigrestaurert.

3.42 PROSJEKTNR: 42

KOMMUNE :	Kristiansund	SYSSELSETTE:	5
KOMMUNENR:	1503	MNDV. TILSEGN:	20
KARTREF. M711:	1321 II	MNDV. NYTTA:	9,8
TILSEGNNSNR:	92/09065	SKAP TOTALT:	kr. 124.950
PROSJEKTOMRÅDE:	Mellemverftet		
PROSJEKTPERIODE:	19.07.93 - 31.12.93		

ANNA FINANSIERING: FM-MVA: kr. 85.000
 PROSJEKT TOTALT: kr. 209.950

PROSJEKTANSVARLEG: Nordmøre Museum
 PROSJEKTSKILDRING: Restaurering av Mellemverftet

UTFØRT ARBEID:

Arbeidet har gått ut på å restaurere Mellemverftet, eit gammalt skipsverft frå ca. 1850 -tallet.

Det er bygd ein kopi av den gamle skipsflåta med båt-slipp. To nye flytekasser er laga etter kopi av dei gamle, mens sjølve plattforma er rekonstruert etter eit gammalt fotografi. Delar av fundamentet til den gamle slippen er gravd fram, og eit nytt fundament er støypt. I tillegg vart arbeidet med å lage ei ny skipsrenne starta opp. Dette arbeidet vart vidareført i 1994.

Plana er at slippen skal stå ferdig i slutten av mars 1994, og at ein skal bruke slippen til å restaurere den eldste ferga som framleis er i bruk.

MERKNAD:

Det har vore enkelte problem underveis med å skaffe kvalifisert arbeidskraft, dette gjorde at arbeidet tok til noko seinare enn planlagt.

Riksantikvaren har løyvd eit ordinært tilskot på kr. 85.000 til administrasjon og leiing av prosjektet. Møre og Romsdal Fylkeskommune løyvde kr. 30.000 som skulle nyttast til innkjøp av materiale.

3.43 PROSJEKTNR: 43

KOMMUNE :	Kristiansund	SYSELSETTE:	2
KOMMUNENR:	1503	MNDV. TILSEGN:	9
KARTREF. M711:	1321 II	MNDV. NYTTA:	9
TILSEGNNSNR:	92/09065	SKAP TOTALT:	kr.114.750
PROSJEKTOMRÅDE:	Lossiusgården		
PROSJEKTPERIODE:	09.08.93 - 22.12.93		

ANNA FINANSIERING: FM-MVA: kr. 38.500
PROSJEKT TOTALT: kr. 153.250

PROSJEKTANSVARLEG: Kristiansund kommune v/kulturetaten
PROSJEKTSKILDRING: Restaurering av Lossiusgården

UTFØRT ARBEID:

Lossiusgården er ei freda bygning som vart bygd rundt 1760. Restaureringa av bygninga er utført i nært samarbeid med fylkeskonservatoren.

I 1992 vart det oppdaga til dels alvorlege roteskader i ytterpanelen, og i det lafta tømmeret innafor. Denne sommaren/hausten er det skifta ut roteskadd ytterpanel, tømmer, enkelte vindauge, og roteskadd materiale ved inngangsportalen. Store delar av trappekonstruksjonen er murt opp på nytt, og roteskadd treverk i overgang trapp/vegg er restaurert. Rekkverket på trappa hadde begynt å ruste, dette er tatt ned og skal setjast i stand.

Under heile restaureringsarbeidet er det lagt vekt på at delar som vart skifta ut skulle vere nøyaktig kopi av det opphavlege.

MERKNAD:

Det har vore problem med å skaffe kvalifisert arbeidskraft, og dette førte til at restaureringsarbeidet tok til seinare enn planlagt

Alvorlege roteskadar på den verna bygninga er no utbetra, og arbeidsleiar er svært nøgd med det arbeidet som er gjort. Riksantikvaren løvvde eit ordinært tilskot på kr. 40.000 til arbeidet med å restaurere Lossiusgården.

3.44 PROSJEKTNR: 44

KOMMUNE :	Rauma	SYSSELSETTE:	2
KOMMUNENR:	1539	MNDV. TILSEGN:	4
KARTREF. M711:	1319 I/IV 1320 II/III	MNDV. NYTTA:	4
TILSEGNSNR:	92/09052	SKAP TOTALT:	kr.51.000
PROSJEKTOMRÅDE:	Rauma kommune		
PROSJEKTPERIODE:	15.01.93 - 15.03.93		

PROSJEKT TOTALT: kr. 51.000

PROSJEKTANSVARLEG: Rauma kommune v/miljøvernrådgjevar

PROSJEKTSKILDRING: Registrering av forminner i Rauma kommune

UTFØRT ARBEID:

Det er gjort registreringar av forminner rundt om i heile Rauma kommunen. I løpet av prosjektpersonen er det registrert gravrøyser, bygdeborger, diverse reiskapar o.a.

Utfyllande rapport frå registreringa vert lagt fram av kommunen i løpet av 1994.

MERKNAD:

Kommunen har løyvd 12 månadsverk ekstra til dette prosjektet frå dei ordinære SKAP-midlane. Arbeidsleiar kunne melde om at det er gjort mykje arbeid for dei 4 månadsverka som vart løyvd. Dei sysselsette har og utført eit tilfredsstillande arbeid.

3.45 PROSJEKTNR: 45

KOMMUNE :	Stordal	SYSSLESETTE:	4
KOMMUNENR:	1526	MNDV. TILSEGN:	6
KARTREF. M711:	1219 I	MNDV. NYTTA:	6
TILSEGNSNR:	92/09108	SKAP TOTALT:	kr. 76.500
PROSJEKTOMRÅDE:	Ytste Skotet		
PROSJEKTPERIODE:	01.06.93 - 15.07.93		

ANNA FINANSIERING: FM-MVA: kr. 24.000
 PROSJEKT TOTALT: kr. 100.500

PROSJEKTANSVARLEG: Stiftinga for Ytste Skotet
 PROSJEKTSKILDRING: Skjøtsel og vedlikehald av bygningar på Ytste Skotet

UTFØRT ARBEID:

Ytste Skotet er ein fjellgard som ligg på vestsida av Storfjorden. Det var tradisjonell drift på garden heilt fram til 1954.

Det er utført ein del skjøtsel av kulturlandskapet i området. På enga bak husa "Hauane" hadde skogen begynt å etablere seg. Mesteparten av denne skogen vart fjerna, og i løpet av sommaren vart området slått. All innmark på Ytste Skotet vart slått med motorslåmaskin og køyrt vekk.

Golvet i smia er grave ut, drenert og steinsett. Hellegangen framfor stovehuset er heva med ca. 30 cm, dette for å redusere faren for at telen skal kome inn under huset. Alt materiale på husa frå tidlegare restaurering er beisa.

Over dei 5 taubanebukkane er det bygd mønetak. Dette er gjort for å hindre at dei skal verte øydelagt av fukt.

MERKNAD:

Driftstilskottet var heilt avgjerande for at stiftinga for Ytste Skotet kunne gjennomføre alt dette arbeidet denne sommaren. Ansvarleg for prosjektet er godt nøgd med tiltaket, og ein har fått gjort mykje skjøtsel og opprydding som elles hadde vore vanskeleg.



Fig.35 Skjøtsel av fjellgarden Ytsts Skotet i Stordal kommune.
(Foto: Berge Hjørungnes)